



**UTKAST TIL
PRINSIPP-PROGRAM
FOR AKP(m-)»**

I ARBEIDARKLASSEN SITT KOMMUNISTISKE PARTI

1. KLASSEGRUNNLAG OG MÅLSETTING

Kapitalismen har skapt den moderne arbeidarklassen – proletariatet. Proletariatet er den mest revolusjonære klassen i menneskeslektet si historie. Proletariatet er den klassen som skal styre kapitalismen og gjøre slutt på all utbytting. AKP(m-l) er det norske proletariatet sitt parti. Partiet har ingen andre interesser enn interessene til den norske og internasjonale arbeidarklassen.

AKP(m-l) representerer arbeidarklassen i den daglege kampen mot kapitalismen, imperialismen og sosialimperialismen. Partiet representerer og arbeidarklassen si historiske oppgåve, den socialistiske revolusjonen, proletardiktaturet og kommunismen.

AKP(m-l) byggjer på den heilstøypte teorien til arbeidarklassen, marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking, slik den i første rekke er utformet av Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao Tsetung. Teorien byggjer på røyslene fra kampane arbeidarklassen har ført over heile jorda i meir enn eitt hundreår. AKP(m-l) nyttar denne vitskaplege teorien sjølvstendig på tilhøva i Noreg. Samstundes fører partiet ein ubøyelig strid mot alle freistnader på å undergrave marxismen-leninismen, og særskilt fører det ein hard strid mot den moderne revisionismen, som representerer interessen til borgarskapet, sosialimperialismen og reaksjonen. Vi fører og kamp mot sosialdemokratiet.

AKP(m-l) byggjer på den proletariske internasjonalismen. Vi kjempar for samhaldet mellom proletarar i alle land og samhaldet med dei undertrykte folka og nasjonane mot sjåvinisme, rasisme og kloving.

Partiet står dei socialistiske landa (to slike land i dag er Kina og Albania) og frigjøringsrørslene på same vis som dei står det norske proletariatet og folket.

AKP(m-l) tek opp i seg kvar revolusjonær arbeidar eller annan revolusjonær som står partiprogrammet, betaler kontingent og tek del i ein grunnorganisasjon.

2. ROLLA OG ARBEIDSMÅTEN ÅT PARTIET

a. Eit parti av ein ny type

AKP(m-l) er den leiinga proletariatet må ha for å vinne siger i den socialistiske revolusjonen.

AKP(m-l) skil seg grunnleggjande frå alle andre norske politiske parti. Dei andre partia er organiserte for å vere med i det borgarleg-parlamentariske spelet om taburettar og bein under kapitalismen. AKP(m-l) er skipa for å leie proletariatet i ein revolusjon som *styrtar kapitalismen*.

Desse skildnadene viser seg ikkje berre når det gjeld den politiske lina, men også når det gjeld organisasjon og arbeidsmåte. De opne borgarlege, sosialdemokratiske og revisionistiske partia er tverr gjennom prega av borgarleg ideologi og har ein organisasjon og arbeidsstil som tener interessene åt borgarskapet. Dei fryktar kampen dei arbeidande massane fører, samstundes som dei i regelen kan vente vern frå monopolborgarskapet og staten.

AKP(m-l) har ein organisasjon og arbeidsstil som byggjer på dei marxist-leninistiske grunnsetningane og som har til formål å tene arbeidarklassen. AKP(m-l) kan berre vekse og styrke seg ved å ta del i masserørslene til arbeidarklassen og folket heile tida, og kan berre vente fiendskap og forfølgjing frå monopolborgarskapet og staten.

Eit parti som skil seg frå dei borgarlege på alle grunnleggjande område på denne måten, kalla vi *eit parti av ein ny type*.

Kapitalistane skjønar svært godt at kommunistpartiet er ein dødeleg trugsål mot dei og eit våpen arbeidarklassen må ha for å signe. Difor er det ei oppgåve av aller første rang for heile arbeidarklassen at det kommunistiske partiet vert bygt og vert styrka.

Historia synar at det er ei svært vanskeleg oppgåve å skape eit slikt parti, og at det ikkje har lukkast for tidlegare generasjonar av arbeidarar og kommunistar i Noreg å løyse denne oppgåva fullt ut.

Arbeidarforeiningane som Marcus Thrane leide (1848), Det Norske Arbeiderparti (1887) og NKP (1923) var alle saman opphavleg revolusjonære arbeidarparti som strei for sosialismen. DNA og NKP hadde tilmed marxismen-leninismen på programmet og var med i Den kommunistiske internasjonalen. Likevel lei desse partia nederlag og vart knuste eller omvandla seg til slutt til borgarlege parti. Ein av grunnane til det var at dei var prega av uklare og urette idear om rolla, organisasjonen og arbeidsmåten som det revolusjonære partiet må ha.

b. Kvifor treng arbeidarklassen det kommunistiske partiet?

Det kommunistiske partiet trengst som leiing for klassekampen under kapitalismen, for den socialistiske revolusjonen og for vidareutviklinga av det socialistiske samfunnet til kommunismen.

Det kommunistiske partiet trengst for det første under kapitalismen fordi berre det kommunistiske partiet kan førebu arbeidarklassen og folket på revolusjon for det er råd å gjennomføre ein socialistisk revolusjon. Det kommunistiske partiet er også den einaste politiske krafta som kan utvikle klassekampen under kapitalismen.

For det andre, når den revolusjonære situasjonen er der og millionmassane i Noreg stirrer med våpen i hand mot kapitalistane for å ta frå dei statsmakta, så kan ikkje revolusjonen *sigre* utan at det finst eit kommunistisk parti.

Eit revolusjonært, kommunistisk parti er eit parti som har ei marxist-leninistisk politisk line for korleis arbeidarklassen skal handle i ein revolusjonær situasjon, som er organisert slik at det er i stand til å virke handlekraftig og målmedvete i ein revolusjonær situasjon same kva som skjer, og som har førebudd både massane og partiet sjølv på revolusjonen. A skape eit slike parti tek tid. Alle historiske røynsler syner at det er heilt uråd å skape eit revolusjonært kommunistisk parti like før den sosialistiske revolusjonen har starta eller etter at han er i gang.

Ingen andre parti kan fylle den viktige rolla AKP(m-l) spelar når det gjeld å førebu dei arbeidande massane på den sosialistiske revolusjonen. AKP(m-l) er og det einaste partiet som går inn for at arbeidarklassen og folket skal verje seg mot åtak frå imperialismen gjennom folkekrig, og trengst for å leie folket i ein slik krig.

For det tredje trengst det kommunistiske partiet når den sosialistiske revolusjonen har vunne den første sigeren sin over borgarskapet og har skipa proletariatet. Då trengst det for å leie klassekampen under sosialismen og leie striden for å utvikle samfunnet vidare til kommunismen.

I dag fortel kjensgjerningane sjølv at AKP(m-l) er det einaste norske partiet som har ei strategisk politisk line for kva arbeidarklassen må gjere i Noreg etter at kapitalismen er styrt i den sosialistiske revolusjonen.

c) AKP(m-l) kjemper i samsvar med masselina

For å leie kampen åt dei arbeidande massane må AKP(m-l) alltid kjempe og arbeide i samsvar med *masselina*. Kjernen i masselinga er prinsippet *frå massane – til massane*. Det vil seie at partimedlemene må gå til dei arbeidande massane og lære av dei. Vi må samle røyslene deira. Vi må få *kjennedom til ønskjene* og behova deira slik dei står fram einskilde og usystematiske, studere og samanfatte dei og gje grunnlag for ei politisk rettesnor som partiet fører ut att i massane. Slik kan dei sjølv handle på grunnlag av rette parolår og liner som byggjer på røyslene deira, men som samstundes er reinodla og systematiserte. Sidan må røyslene frå kampen etter desse linene verte summert opp på ny. Dette må gjerast opp att i ein uendeleg spiral. På det viset vert linene og politikken stadig riktigare. Det er å arbeide i samsvar med den marxistiske sannkjennings-teorien (erkjennelsesteorien). Han lærer oss at riktige tankar ikkje vert til i hovudet på folk skilt frå røyndomen, men at dei vert til og provast i samfunnsmessig praksis.

Mao Tsetung er den marxistiske teoretikaren som i fremste rekke har utvikla teorien om masselina.

Føresetnaden for masselina er at partiet har djupe roter i massane. Difor er det naudsynt at heile leiinga, alle grunnorganisasjonar og medlemer heile tida har så brei kontakt som råd er med massane.

Partiet må kjenne massane sitt liv og ta del i det, lære av massane og ha vørnad for dei. Partiet går ut frå massane sine objektive behov og kva dei har skjøna. Det sameiner seg med og bygger på alle gode og rette straumdrag i masserørla og nyttar dei til å drive attende alle range og skadelege straumdrag. Partiet vert ikkje eit haleheng til dei spontane ytringane i masserørla, men stirr for å heve ho opp på eit høgare nivå, gjere ho meir konsekvent og målmedveten, sterke og meir progressiv. Føresetnaden for dette er at partiet går i brodden med eit godt døme som overtyder massane og vinn tilliten deira.

Dei borgarlege partia, og med dei sosialdemokratane og revisionistane, har ingen tillit til eller vørnad for massane, medan AKP(m-l) lit på dei arbeidande massane og vørder dei. Det vil ikkje seie at massane ikkje kan ta i mist. Sjølv sagt er arbeidarklassen og påverka av propagandaen frå borgarskapet og oportunistane. Men vi lit på at massane vil avsløra dei gjennom røyslene i klassekampen. Partiet vil aldri gje etter for reaksjonære straumdrag som imperialismen sin propagandamaskin stundom klarer å fremje i delar av folket. Sjøl om slike for ei tid skulle få ein viss stønad, vil vi føre fram ein ærleg kritikk av dei og vere visse på at det arbeidande folket etter ei tid vil gjennomskoda dei reaksjonære linene.

Masselina til AKP(m-l) skil seg skarpt frå den djupe vanvördnaden dei sosialdemokratiske og revisionistiske partia har for massane. Dei lyg for massane, fører dei bak lyset og står fjernt frå massane sitt liv.

Formålet med masselina til AKP(m-l) er å setje massane i rørsle. Berre dei kan skape verdshistorie. Berre dei kan trygge sigeren i den sosialistiske revolusjonen. Difor vil AKP(m-l) alltid skjerpe klassekampen mot borgarskapet, vere det tryggiaste støet for dei kjempande massane og gå i brodden sjølv.

d) AKP(m-l) tek del i masseorganisasjonane og stør dei i kampen mot klassefienden

Dei arbeidande massane kan ikkje sigre over klassefienden utan å organisere seg. Difor er det alltid oppgåva for AKP(m-l) å hjelpe fram denne organiseringa. Samstundes står det kamp mellom to liner, den proletariske og den borgarlege, innanfor masseorganisasjonane sjølv.

Fagforeiningane vert skipa for å stri for interessen åt arbeidarklassen mot kapitalen. No har leiinga i fagrørla vorte teke av arbeidararistokratiet. Desse leiarane går i teneste for borgarskapet og nyttar det faglege apparatet til å underkue arbeidarane.

AKP(m-l) vil stø all kamp mot klassefienden og imperialismen frå masseorganisasjonane, samstundes som partiet vil stri mot freistnaden frå sosialdemokratane og revisionistane på å gjere dei til reiskapar for klassefienden.

Medlemene i partiet tek del i masseorganisasjonane for å vinne det store fleirtalet for ein politikk som står i samsvar med interessene til medlemene i organisasjonane.

AKP(m-l) representerer heile proletariatet og det arbeidande folket sine interesser og kjempar ikkje for nokon serskilt del av folket eller nokre få saker. Difor er AKP(m-l) den høgste forma for proletarisk klasseorganisasjon i Noreg. Partiet strir for å foye saman masseorganisasjonane sin kamp mot klasfienten. Det gjer partiet ved å arbeide for sitt syn på vanleg demokratisk vis i desse organisasjonane.

Dette skil AKP(m-l) frå dei borgarlege arbeidarpertia. Dei kjempar mot medlemsdemokratiet i masseorganisasjonane, byråkratiserer, kløyvar og øydelegg dei.

e) AKP(m-l) er leiande ved å gå i brodden

Som kommunistisk parti vil AKP(m-l) alltid vere den mest oppofrande og konsekvente kjemparen for interessene til arbeidarklassen. Partiet kjempar ope for å utvikle rette liner og for å vinne tilslutnad til dei i arbeidarklassen. AKP(m-l) kan gjere det avdi partiet byggjar på marxismen-leninismen-Mao Tsetung si tenking og gjer konkrete analysar av stoda i Noreg.

Såleis vert partiet ein *fortropp* og ein *generalstab* for proletariatet. Klassen treng ei slik leiing for å føre slaget mot klasfienten.

AKP(m-l) sine medlemmer må vere leiande i å utvikle og verje den rette kommunistiske lina, dei må vere viljuge til å ofre seg for massane sine interesser. Difor kallar vi AKP(m-l) for *ein parti av leiarar*.

AKP(m-l) spelar den leiande rolla avdi partiet sjølv er ein del av arbeidarklassen. Medlemene er sjølv utbytta og underkua av borgarskapet og har difor dei same interessene og problema som det arbeidande folket elles. Det er eit prinsipp for partiet å styrke luten av arbeidarar i partiet. Dei kommunistiske arbeidarane er dei beste voktarane av marxismen-leninismen og av partiet sin proletariske karakter. Difor må og kommunistiske arbeidarar vere *ryggraden* i partiet på alle plan. Det er ikkje sant slik dei reaksjonære hevdar at kommunistane er noko framandt for arbeidarklassen. Det som verkeleg er framandt er dei sosialdemokratiske og revisjonistiske partia. Dei representerer utbyttarklassen sine interesser i arbeidarklassen.

f) AKP(m-l) er organisert etter den demokratiske sentralismen

Det marxistiske prinsippet om den demokratiske sentralismen vart første gongen sammalfatta av Lenin. Partivedtekten uttrykkjer denne lina i detalj.

Den demokratiske sentralismen er den proletariske organisasjonsforma. Proletarane kan aldri sigre over borgarskapet om dei slåst som einskilde individ. Dei kan berre sigre om dei går saman. Den demokratiske sentralismen skaper størt mogeleg einskap i klassen og koncentrerer kretene åt klassen mest mogeleg.

Den demokratiske sentralismen frigjer skaparkrafta i arbeidarklassen ved å nytte den *demo-*

kratiske metoden. Han gjer slaget mot klasfienten hardast mogeleg ved å *sentralisere* kretene under ein jarnhard, medveten og friviljug disiplin. Gjennom den demokratiske sentralismen vert det slike tilhøve i partiet at der »rår både sentralisme og demokrati, både disiplin og fridom, både einskapleg vilje og personleg frimot og initiativ». (Mao Tsetung)

Partidisiplinen er slik at han krev at den einskilde underordnar seg organisasjonen, mindretallet underordnar seg fleirtalet, lågare organ underordnar seg høgare og heile partiet underordnar seg sentralkomiteen.

Det er i strid med ein sterkt og friviljug disiplin å opprette fraksjonar i partiet. Det strir mot eit verkeleg demokrati avdi fraksjonar set sin eigen disiplin over organisasjonen. Det er og i strid med sentralismen. Eit parti som er splitta opp i fraksjonar kan ikkje vere ført til å leie arbeidarklassen i den sosialistiske revolusjonen. Fraksjonisme løys opp einskapen i partiet, øydelegg disiplinen og organisasjonen. Difor kan fraksjonisme ikkje tillatast, og må rydjast ut med fast hand.

Sosialdemokratane og revisjonistane går til åtak på den demokratiske sentralismen og kallar han »diktatur over medlemmene» og »for sentralistisk». Men i røynda er det dei borgarlege arbeidarpertia som er prega av *byråkratisk sentralisme* og mangel på demokrati. Leiande klinikkar av borgarlege politikarar avgjer alt bak stengde dører, medan medlemene ikkje har noko å seie.

g) Kritikk og sjølvkritikk

AKP(m-l) nyttar metoden med kritikk og sjølvkritikk for å rette på feil som oppstår i partiet. Vi kommunistar fryktar ikkje kritikken og sjølvkritikken, men sokjer han, avdi vi veit at vi har sanninga på vår side og at sanninga tener proletariatet. Metoden med kritikk og sjølvkritikk er heilt naudsynt for den demokratiske sentralismen. Han set eit skarpt lys på alle feilaktige og byråkratiske tendensar i partiet og reinskar dei ut. Kritikken og sjølvkritikken er og naudsynt for at partiet skal kunne leie massane og utvikle ei verkeleg masseline.

Kritikken og sjølvkritikken er og noko som skil AKP(m-l) frå dei borgarlege arbeidarpertia. Dei prøver å løyna handlingane sine og kan aldri vedgå feil. Det syner at dei borgarlege leiarane fryktar sanninga og massane sine meininger.

h) AKP(m-l) styrker seg ved å reinse seg for opportunistiske element

Borgarlege tendensar som kjem til syne hjå arbeidsparti og kameristar blir vi kvitt ved demokratisk diskusjon i samsvar med formelen einskap – kritikk – einskap. Men borgarlege tendensar i form av borgarlege politikarar i partiet blir vi kvitt ved å avsløre dei gjennom demokratisk diskusjon for å kaste dei ut or partiet.

Borgarlege politikarar og kameristar innanfor partiet vil alltid prøve å omskapte AKP(m-l) i sitt eige – i borgarskapet sitt bilete. Dei vil

prøve å gjere AKP(m-l) til eit borgarleg arbeidsparti, eit revisjonistisk parti.

Difor kan ikkje AKP(m-l) tillate at borgarlege karrieristar, revisjonistar og sosialdemokratar får vera med i partiet. »Å kjempe mot imperialismen når ein har slike 'stridsfelagar' i ryggen vil seie å komme i ein situasjon der ein vert skoten på frå to sider – framanfrå og bakanfrå.» (Stalin). »Om ein har reformistar, mensjekar i rekkjene er det uråd å sigre i den proletariske revolusjonen» (Lenin). Partiet har ikkje bruk for medlemer som ikkje verkeleg kjempar for proletariatet si sak. Om slike medlemer vert borte frå partiet, »så veikjer det ikkje, det styrker både partiet, arbeidarrørsla og revolusjonen» (Lenin).

i) AKP(m-l) bind saman legalt og illegalt arbeid

Under borgardiktaturet må kommunistane alltid vere budd på valdsam undertrykkjing og krig. Det er ein plikt for partiet å ikkje verte knust av forfølgjingane, men halde fram med kampen same korleis tilhova er.

Difor er det eit prinsipp for kommunistiske parti under kapitalismen at dei viktigaste delane av partiorganisasjonen skal vere løynd for klassefienden. Det tyder at sjølv i tider då borgarskapet tillet partiet å trå fram合法, må partiet ha ei organisasjonsform som er førebudd på å gå over i illegalitet. Det må binde sammen legalt og illegalt arbeid.

Dette vil ikkje seie at politikken til partiet er løynleg. Politikken vår er fullt offentleg og alle som ønskjer kan verte kjende med han. AKP(m-l) vil og nytte høvet til legalt arbeid så lenge det er råd for å stri ope for den marxist-leninistiske politikken.

Dei borgarlege arbeidpartia går til åtak på tryggingspolitikken til AKP(m-l). Dei vil presse partiet til å gjøre medlemer og organisasjon kjent for borgarskapet slik at klassefienden lettare kan knuse partiet. Dei borgarlege arbeidpartia sjølv har ingen grunn til å løyne organisasjonen sin mot klassefienden, for dei går sjølv i teneste for kapitalen.

På den andre sida loyner desse partia den eigentlege politikken sin for å få royster. Det synjer den borgarlege karakteren deira.

j) AKP(m-l) er sjølvberga og lit på eigen styrke

Eit revolusjonært parti som har som mål å styrte kapitalismen i Noreg, kan aldri gjera seg avhengig av stønad frå andre enn dei som har interesse av å stri mot borgarskapet her i landet. Det er arbeidarklassen og dei arbeidande masane i Noreg.

Difor avviser AKP(m-l) kvart tilbod om stønad frå staten eller andre av monopolborgarskapet sine organ. Partiet snyltar ikkje på masseorganisasjonar og vert ikkje finansiert frå utlandet. Partiet set sin lit til det arbeidande folket i Noreg.

Alle som står AKP(m-l) skal vite at ikkje noko sløsast bort og at AKP(m-l) ikkje gjev grobotn for eit skikt av byråkratiske yrkespolitikarar med høge løner.

I motsetnad til AKP(m-l) let dei borgarlege arbeidarparsia klassefienden finansiere seg. Dei imperialistiske supermaktene Sovjet og USA står kvar sine borgarlege arbeidarparti med pengar. I Noreg er desse partia nesten heilt finansiert av monopolkapitalen sin stat. Høgresosialdemokratiet tek millioner til drifta av partiet frå fagforeningskassene. Ingen av desse partia kan lite på eigne krefter og på friviljuge tilskot frå arbeidsfolk.

k) AKP(m-l) bind saman teori og praksis

Det vil seie at partiet *nyttar* dei ållmenne prinsippa i marxismen-leninismen på ei konkret analyse av den konkrete stoda. Det vil seie å utvikle ein politikk som er både prinsippfast og i samsvar med stoda i klassekampen.

Partiet bind saman teori og praksis ved å stadig arbeide for å setja partiet sitt program og paroler om i handling frå dei arbeidande massane si side.

Denne marxist-leninistiske lina krev at medlemene alltid *studerer* marxismen-leninismen-Mao Tsetung si tenking. Desse studia vert ein aldri ferdige med. Lina med å binda saman teori og praksis krev at medlemmene er aktive og tek del i klassekampen og går i brodden for han. Det er og naudsynt å studere utviklinga i Noreg og i verda og å studere partidokumenta. Berre i praksis kan partiet og medlemmen prøve den politiske lina og sikre at ho er i samsvar med røyndomen.

Ei teori utan praksis vert utan liv, medan ein praksis som ikkje vert rettleidd av den marxist-leninistiske teorien vert blind og usystematisk.

l) AKP(m-l) er ein del av den proletariske kommunistiske verdsrørsla

AKP(m-l) er partiet til proletariatet i Noreg. Samstundes er partiet sitt politiske mål internasjonalt. Det same er grunnlaget vårt. Marxismen-leninismen-Mao Tsetung si tenking er internasjonal. Sosialismen må sigre i heile verda for at sigeren skal vere trygg.

Proletariatet i Noreg er ein del av proletariatet i verda og må fylga parola: PROLETARAR I ALLE LAND GÅ SAMAN. Difor er og AKP(m-l) utenkjeleg utan som ein del av ei internasjonal rørsle. Den rørsla er dei verkelege marxist-leninistiske partia og organisasjonane i alle land. Partiet står saman med dei og står dei. Samstundes aviserer AKP(m-l) og alle verkelege marxist-leninistiske parti den revisionistiske tesen om »førande parti». Det finnast parti med meir og mindre røysnle og ulik styrke. Men alle verkelege marxist-leninistiske parti står på like fot og må lære av kvarandre.

AKP(m-l) vil studere røysnle frå andre parti, mellom dei og dei viktige røysnle til søsterpartia våre i Kina og Albania. Men partiet vil ikkje kopiere, og det er partiet sjølv som legg opp lina for klassekampen i Noreg utan innblanding frå noko held.

I tidbolken med den proletariske verdsrevolusjonen må dei verkelege marxist-leninistiske partia og organisasjonane slute seg stadig tettare saman og utvikle kampflesskapen. AKP(m-l) vil stø dei partia som leier proletardiktaturet i andre land, slike som Kina og Albania. Vi vil stø, lære av og søkje nærmare samarbeid med verkelege kommunistiske, marxist-leninistiske parti og organisasjonar i alle land og særskilt i grannelanda våre. Vi vil sto frigjøringsrørsler som fører folkekrig mot imperialismen. Vi stør striden arbeidarklassen og folkta fører over heile verda. Det er proletarisk internasjonalisme.

Den verkelege kommunistiske verdsrørsla skil seg grunnleggjande frå den revisionistiske verdsrørsla som kallar seg »kommunistisk». Den revi-

sjonistiske verdsrørsla har gått frå den proletariske internasjonalismen og i staden vorte eit reiskap for den svarte, kontrarevolusjonære og fascistiske sosialimperialismen. I den revisionistiske verdsrørsla kan det heller ikkje finnast noka jamstelling mellom partia avdi sosialimperialismen søker å gjere alle revisionistpartia til reiskaper i kampen for å vinne hegemoni i verda.

AKP(m-l) er byrg over å høyre til den verkelege kommunistiske verdsrørsla som har som mål å styrt imperialismen over heile verda og fri menneska frå all klasseundertrykkjning.

II

IMPERIALISMEN

OG DEN PROLETARISKE VERDENSREVOLUSJONEN

3. IMPERIALISMEN

a) Imperialismen er det monopolistiske stadiet i kapitalismen

Kapitalismen i verda fekk sitt store gjennombrot i samband med den industrielle revolusjonen og dei store borgarlege revolusjonane. Den kapitalistiske storindustrien sprengde dei føydale lekkjene som heldt utviklinga av samfunnet attende. Kapitalismen ruinerte millionar av småprodusentar og dreiv dei inn i fabrikkane. På det viset vart det moderne proletariatet skapt.

Kapitalismen fører til konsentrasjon av produksjonen. Det går føre seg ei kapitalistisk sosiialisering av arbeidet og produksjonen. På den eine sida får produksjonen stadig meir samfunnskarakter, men på den andre sida er det ein fåtalig kapitalistklasse som eignar til seg resultata av denne produksjonen. Denne motseiinga fører til anarki i den samfunnsmessige produksjonen og til stadig aukande motseiing mellom proletariatet og alle arbeidande massar på den eine sida og borgarskapet på hi side.

Då borgarskapet gjorde småprodusentane eigedomslause og dreiv dei saman i store fabrikkar, skapte det og den klassen som skal leggje heile den kapitalistiske utbyttinga i grava – det moderne proletariatet.

Konkuransen mellom dei ulike kapitalistane og den stadige akkumuleringa av kapital, forte til at den tidelege frikonkurransekapitalismen vart bytt ut med monopolkapitalisme, det vil seie imperialisme. Dette løyste ikkje dei grunnleggjande motseiingane i kapitalismen. Det gjorde dei tvert om mykje skarpere.

Motseiinga mellom produktivkraftene sin karakter og produksjonstilhøva gjev seg utslag i periodiske overproduksjonskriser. Det vert produsert meir enn kva marknaden kan ta imot av di massane er utbytta. Difor hopar det seg opp store lager som ikkje får avsetnad. Det førar til øydelegging av produktivkrefter, arbeidarar vert arbeidslause og fabrikkar nedlagde.

I imperialismen sin tidfolk er desse krisene vorte kraftigare og dei kjem oftare. Krisene vert forsterka av den kapitalistiske verdsmarknaden.

Kapitalismen har sokt å løyse desse motseiingane med å skapa stadig større trustar og monopol, og staten spelar ei meir sentral rolle som verkeleg felleskapitalist. Desse tiltaka gjev inga løysing, fordi tileigninga framleis er privat. Dei berre førar til at stadig fleire småprodusentar vert proletarar.

Utviklinga av statsmonopolkapitalismen fører til ei skjerping av den kapitalistiske krisa. Det er det siste stadiet i kapitalismen før den proletariske revolusjonen og sosialismen. På *det viset* er statsmonopolkapitalismen ei materiell førebuing av sosialismen, men statsovertaking under kapitalismen er ingen veg til sosialismen. Det rører ikkje ved den private eigedomsretten til produksjonsmidla. »Arbeidarane held fram med å vera lønsarbeidarar, proletarar. Kapitalforholdet vert ikkje avskipa, det drivast tvert imot på spissen. Men det slår om. At staten tek over produktivkreftena er altså ikkje noka løysing av konflikten, men det gøymer i seg det formelle midlet, vegen til løysinga.» (Engels.)

Motseiinga mellom den aukande samfunnskarakteren ved produksjonen og den private tileigninga av produksjonsresultata kan berre løysast ved at proletariatet gjer revolusjon, riv makta i staten frå borgarskapet og nyttar si eiga

statsmakt, «proletardiktaturet, til å gjøre produksjonsmidla om til verkeleg samfunnseige.

b) Imperialismen – det høgaste stadiet i kapitalismen

Verda lever no i imperialismen sin tidfolk. Den gamle frikonkurransekapitalismen vokser over i imperialisme og monopolkapitalisme då det 20. hundreåret tok til. Framvoksteren av monopolkapitalismen og imperialismen innleide på same tid framvoksteren av det *imperialistiske verdssystemet*.

Lenin syntet at »imperialismen er det monopolistiske stadiet i kapitalismen» og at »imperialismen er døyande kapitalisme». Såleis er imperialismen terskelen til proletariatet sin sosiale revolusjon. Dette har vorte stadfest i verdmålestokk sidan 1917. (Lenin). Ei nærmere analyse av motseiningene i imperialismen, og utviklinga av det imperialistiske verdssystemet syner at imperialismen sin tidfolk samstundes er tidbolken for den proletariske verdsrevolusjonen. Dette vil seie at imperialismen er det siste stadiet i kapitalismen, den tidbolken då imperialismen vert styrt og sosialismen går fram til verdsomfemnande siger.

Det er Lenin som først og fremst har analysert framvoksteren av imperialismen, dei grunnleggjande motseiningene i imperialismen, og dei nye vilkåra for den proletariske revolusjon som imperialismen har skapt. Lenin har utforma teorien om imperialismen, og såleis vidareutvikla marxismen for imperialismen sin tidfolk. På dette grunnlaget slår vi fast at »Leninismen er marxismen i tidbolken for imperialismen og den proletariske revolusjonen.» (Stalin).

Den gamle frikonkurransekapitalismen vokser over i monopolkapitalisme og imperialisme, som eit resultat av dei indre drivkraftene i kapitalismen sjølv. Det kapitalistiske profittjaget førte til ein ofseleg vokster i industrien, og ein særskilt snøgg prosess med konsentrasjon av produksjonen i stadig større verksemder. Denne utviklinga skapte samstundes ein overmåte stor konsentrasjon av kapitalen.

I denne utviklinga ligg kimen til utviklinga av det moderne kapitalistiske monopolet. Lenin viser at den gamle kapitalismen i Europa definitivt vart avløyst av den nye kapitalismen dvs. monopolkapitalismen, då det 20. århundret tok til. Den store krisa i kapitalismen ved hundreårsskiftet tvang, fram det endelige omskiftet i kapitalismen si utvikling. Kapitalismen vart omvandla til imperialisme. Veldig kartell og monopol dominerte no økonomien i Europa og såleis heile verdsøkonomien. Lenin synet i si analyse av imperialismen at monopolet ikkje gjer ende på konkurransen, men tvert om gjer han om til økonomisk strid mellom monopola. Lenin syner vidare at skipinga av kartell og monopol ikkje kan hindre kriser i kapitalismen.

Tvert om. Monopolet, som oppstår i somme industrigreiner, styrkar og skjerpar det kaoset som er karakteristisk for heile den kapitalistiske produksjonen sett under eitt.»

I røynda vil utviklinga av monopolkapitalismen seie at dei økonomiske krisene i kapitalismen vert skjerpa, og at krisene på si side

»styrkar tendensane til konsentrasjon og monopol i ofseleg grad». (Lenin.) Lenin syner korleis bankane får ei ny og dominerande rolle under framvoksteren av monopolkapitalismen: Bankane omvandler seg frå smålåtne mellommenn til allmektige monopoleigarar, som rår over om lag heile pengekapitalen til alle kapitalistar og mindre næringsdrivande og like eins over storparten av produksjonsmidla og råvarekjeldene i vedkomande land eller i ei heil rekke land».

Framvoksteren av monopolkapitalismen var knytt til ei kraftig sentralisering av bankkapitalen og utviklinga av nokre få storbankar. Denne kapitalen kaller Lenin finanskapitalen. Monopolkapitalismen har skilt ut ei litra gruppe finansmagnatar, eit finansoligarki. Dette kontrollerer storbankane og enorme pengekapitalar, og gjev dei såleis makt over industrien og industrimonopola. Under herreveldet til finanskapitalen har bankkapitalen og industrikapitalen smelta saman. Dette er eit særkjennetegn ved monopolkapitalismen. Heile prosessen med utviklinga av finanskapitalen og samansmeltinga mellom bank- og industrikapital skildra Lenin slik:

»Konsentrasjonen av produksjonen, monopol som veks fram or denne konsentrasjonen, samansmeltinga av bankane med industrien, det er det som særkjennetegn framvoksteren av finanskapitalen og innhaldet i dette omgrepet.»

Ei av årsakene til at finanskapitalen tek herredømet over industriproduksjonen når kapitalismen utviklar seg til monopolkapitalisme, er den at pengekapitalen må auke gjennom profitt. Profitt av kapitalen vinn finanskapitalisten først gjennom å investere i produksjonen, og såleis utbytte arbeidarane. Dei enorme kapitalane som vart akkumulert i dei utvikla kapitalistiske landa vart investert i produksjonen. For at produksjonen, og såleis profitten, skulle kunne utvikle seg, måtte dei store industriverksemidene ha hand i den enorme kapitalen som dei store bankane rådde over. Dette førte til at finansherrane og bankkapitalen på ei og same tid smelta saman med industrikapitalen og tok makt over den.

Lenin trakk på grunnlag av dette følgjande konklusjon: »At finanskapitalen har overvekt over alle andre former for kapital, vil seie at rentieren og finanskapitalen vert dominante, vil seie at nokre få finansstørke statar skil seg ut frå dei andre.»

Framvoksteren av monopolkapitalismen, og dermed herredømet til finanskapitalen, førte såleis til at det blant dei kapitalistiske statane vokste fram nokre få som i økonomisk styrke og kontroll over kapital var dei andre statane heilt overlegne. Desse imperialistiske stormaktene var på Lenin si tid først og fremst England, Tyskland, USA, Frankrike og til ein viss grad, Tsar-Russland.

Den store rolla kapitaleksporten spelar under monopolkapitalismen, er eit særleg kjenneteikn på imperialismen. Lenin seier det slik: »For den gamle kapitalismen, med fullt herredøme for frikonkurranse, var vareeksporten karakteristisk. For den nyaste kapitalismen, med herredøme for monopola, har eksport av kapital vorti karakteristisk.«

Dette heng saman med fleire tilhøve.

For det første førte utviklinga av kapitalismen til monopolkapitalisme til ei kraftig skjerping av *utbyttinga* av dei arbeidande massane i det eigne landet.

For det andre: Den valdsame akkumulasjonen og sentraliseringa av kapital som var med på å tvinge fram monopolet, utgjorde ei stor opphoping av kapital som ein ikkje kunne investere i heimlandet. Dette heng saman med at kapitalismen er grunnlagd på jaget etter profitt. A nyte dei store rikdomane til først og fremst å heve kåra for massane og t.d. *utvikle* det eigne jordbruket, stir mot grunneigenskapane i kapitalismen. Monopolkapitalismen førte såleis til at kapitalet i dei største, imperialistiske landa »flaut over grensene», for å verte investert der profitten var høgst.

Når ein studerer imperialismen i verda i dag, vil ein finne at kapitaleksporten nå har vorti så enorm og så avgjerande for økonomien til dei imperialistiske landa, at sjølv små kriser i det internasjonale valutasystemet, små endringar i den utanlandske kapitalmarknaden osb., fører til kraftige skakingar i dei imperialistiske landa som vert råka.

Alt under frikonkuransen var det skipa ein internasjonal marknad, ein verdsmarknad. Dette er ein grunneigenskap ved kapitalismen. Men ved den store vekta kapitaleksporten fekk, vart strevet hjå dei store monopola for å dele verdsmarknaden mellom seg kraftig skjerpa.

Den viktigaste, og grunnleggjande sida ved dette strevet er *striden* mellom ulike kartell, trustar og monopolgrupper for å vinne så stor del av marknaden som råd for seg sjølv. Ettersom monopola har eit ulikt nasjonalt opphav og grunnlag, verkar oppdelinga av verdsmarknaden jamvel inn på tilhøvet mellom *statane*.

Kapitalismen sin trong til å ta *koloniar* er like gamal som kapitalismen sjølv. Men då kapitalismen gjekk over til imperialisme og *kampen* om verdsmarknaden vart skjerpa, skjerpa dette den kapitalistiske *kolonipolitikken* kraftig.

Dette heng saman med det *indre grunnlaget* for imperialismen: Kapitaleksport og tilgang på marknader for råvarer og vareeksport er *naudsynt* for at kapitalismen i si imperialistiske fase skal kunne eksistere. Det heng vidare saman med at ved inndeilinga til det 20. hundreåret var det ikkje lenger territorium att som ikkje var teke. Verda var alt delt opp mellom stormaktene. Det særigne i kolonipolitikken under monopolkapitalismen og imperialismen er såleis at det berre er råd med ei *nyoppdeling*. Kampen om verdsmarknaden for kapital, råvarer og varer har ført til at kravet om *nyoppdeling* vert driv fram på ny og på ny under imperialismen. På dette grunnlaget trekk Lenin den konklusjonen at: »Det er difor ei absolutt kjensgjering at overgangen av kapitalismen til monopolkapitalisme, til finanskapital, er bunden saman med ei skjerping av kampen om oppdelinga av verda».

Meir enn nokon gong er kapitalismen i den noverande tidbolken sin kjenneteikna av militær aggressjon, valdeleg underkuing og blodig framferd for å trygge koloniar og koloniområde.

Men Lenin peika på at ekspansjonstrongen til den moderne kapitalismen ikkje på noka vis

innskrenka seg til jakt på *koloniar* blant dei fattige, underutvikla landa. Imperialismen skapar og ein kraftig tendens til at store imperialistiske makter søker å leggja mindre kapitalistiske makter under seg..

Vidare synte Lenin at det imperialistiske, kapitalistiske kolonisystemet *ikkje* berre fører til ei oppdeling av reine *kolonimaktar* og reine koloniar. Med imperialismen sin tidfolk av kapitalismen voks det fram ein rad overgangsformer for kolonitilhøve: Under imperialismen finst det etter Lenin ei »rekke former for avhengige land, som trass i at dei formelt er politisk sjølvstendige, i røynda er innfiltrert i eit nett av finansiell og diplomatisk kontroll.»

Dette systemet med halvkoloniar er grunnlaget for den imperialistiske *nykolonialismen*.

På grunnlag av analysa si av kapitalismen i hans imperialistiske stadium, stilte Lenin opp følgjande grunnleggjande kjenneteikn på imperialismen:

- »1. konsentrasjon av produksjon og kapital, som har nådd eit så høgt utviklingssteg at han har skapt definitive monopol som spelar den avgjerande rolla i det økonomiske livet;
2. bankkapitalen er smelta saman med industrikapitalen, og det er skapt eit finansoligarki på grunnlag av denne 'finanskapitalen';
3. kapitaleksporten, til skildnad frå vareeksporten, får sær mykje å seie;
4. det oppstår internasjonale monopolistisk kapitalistsamskipnader som delar verda mellom seg, og
5. den territoriale oppdelinga av jorda mellom dei kapitalistiske stormaktene er avslutta. Imperialismen er kapitalismen på det utviklingssteget då monopola og finanskapitalen sitt herredømme er skipa, då kapitaleksporten har fått ei framståande rolle, då oppdelinga av verda mellom dei internasjonale trustane har teke til og oppdelinga av territoriet på heile jorda mellom dei største kapitalistiske landa er avslutta.

Lenin si analyse av grunndraga i imperialismen gjeld heilt ut framleis, og er det einaste vitskapelege grunnlaget revolusjonære kan bygge på for å unngå å hamne i opportunisme og revisionisme.

c) Det imperialistiske verdssystemet

Imperialismen formar eit *verdssystem*. *Kapitalen* og den imperialistiske kolonialismen er *naudsynt* for at imperialismen skal eksistere, og det ligg til grunn for dette.

Imperialismen, som er det *siste* stadiet i kapitalismen, har skjerpa *alle* motseiningene i kapitalismen kraftig såvel nasjonalt som i verdssamanheng. Det imperialistiske verdssystemet er kjenneteikna m.a. av at nokre få stormakter rivaliserer om *hegemoni* og verdsherredøme.

»For imperialismen er det nett karakteristisk at strevet *ikkje berre* går ut på å annektere jordbruksområde, men og høgt utvikla industriområde (Tyskland sin appetitt på Belgia, Frankrike sin på Lothringen). For det første tvingar

den avslutta oppdelinga av jorda til å strekka handa ut etter *eitkvart* territorium gjennom *nyoppdeling*, og for det andre er det karakteristisk for imperialismen at somme stormakter riviliserer om hegemoniet . .», seier Lenin.

Denne riviliseringa mellom dei imperialistiske maktene om koloniar, »interessessfærar» og *hegemoni* er eit grunnleggjande drag ved imperialismen. Målet er å auke den militære, politiske og økonomiske makta til den eine imperialistmakta og undergrave makta til motstandaren.

Riviliseringa er ikkje ein eller anna politikk imperialistane kan velja, eller lata vera. Ho er eit lovbunde uttrykk for den imperialistiske økonomien.

Det er den økonomiske, politiske og militære makta til dei riviliserande imperialismane som dannar grunnlaget for oppdeling i »interessessfærar» og koloniar. Grunnlaget for at riviliseringa føre til nyoppdeling, ligg i den *ujamne* utviklinga av kapitalismen. Det er ein lov under kapitalismen at ulike industriegreiner, ulike kapitalistiske land osb. utviklar seg *ujamnt*. Det vil seie det same som at statane si *makt* og vert endra. Den ujamne utviklinga skjerpar såleis tilhøvet kraftig mellom dei imperialistmaktene som konkurrerer om hegemoni, avdi ho endrar styrketilhøvet og makttilhøvet mellom dei. Riviliseringa om hegemoni mellom dei imperialistiske maktene er ei *kjelde til krig* under imperialismen, og er i røynda eit uttrykk for at *krigar er uunngåelege* under imperialismen.

Den imperialistiske krigen er *framhaldet av den imperialistiske politikken* til imperialistmaktene, og er avla av motseiningene i imperialismen sjølv. Dette gjeld både dei *urettvise* imperialistiske krigane mot dei undertrykte folka og nasjonane for å røve koloniar, nykoloniar og interessessfærer, dei *urettvise* krigane mellom dei største imperialistmaktene for å dele opp verda på ny.

Motseiningane i imperialismen må og avle *rettvise* krigar. For å frigjere seg frå imperialismen, må folka i dei underkua nasjonane følgje folkekrigen sin veg: reise seg til strid, føre væpna kamp mot imperialismen og lakeiane hans i landa sine og slå hærmakta til underkuarane med ein folkehær som kan vere grunnlaget for eit demokratisk folkediktatur.

For å styre kapitalismen og gjere ende på imperialismen må arbeidarklassen slå kjernen i statsmakta til borgarskapet, hærmakta, gjennom ein væpna revolusjon og byggje proletardiktaturet med folkehæren som kjernen i den nye statsmakta.

Difor kan det ikkje bli slutt på krigar før sosialisten har vunne i verdsomfang og imperialismen er lagt i grava.

Kapitalismen sin tidbolt er råka av same slags økonomiske, periodiske kriser som den gamle kapitalismen. Men imperialismen er samstundes råka av den *ålmenne krisa i kapitalismen*.

Den ålmenne krisa i kapitalismen er på same tid ei økonomisk, sosial og militær krisa. Ho vart innleidd i 1914 med den første, imperialistiske verdskrigen som enda med ein rad proletariske revolusjonar, særskilt den sigerrike Oktoberrevolusjonen i Russland i 1917.

Den ålmenne krisa i kapitalismen går gjennom fleire fasar, og er i røynda eit uttrykk for at

verda lever i den epoken då kapitalismen vert lagd i grava og sosialismen vinn verdsomfemnande siger.

Imperialismen er såleis samstundes tidbolken for den proletariske verdsrevolusjonen.

Stalin har synt at i og med imperialismen har kapitalismen i sin heilskap vorti mogen for proletariske revolusjonar:

»Tidlegare såg ein den proletariske revolusjonen berre som eit resultat av den indre utviklinga i vedkomande land. No er dette standpunktet allereide utilstrekkeleg. No må ein først og fremst sjå den proletariske revolusjonen som eit resultat av utviklinga av motseiningene i det imperialistiske verdsystemet.«

Samstundes understrekar Stalin at revolusjonen utviklar seg utfrå dei særskilde vilkåra i dei einskilde landa. På grunn av den ujamne utviklinga vil revolusjonen sigre i kvart einskild land og *ikkje* i heile verda i *eitt* slag.

Lenin, Stalin, og *særskilt Mao*, har synt korleis framvoksteren av imperialismen har *utvida* basisen for den proletariske verdsrevolusjonen. Den kampen dei underkua folka og nasjonane i Asia, Afrika og Latin-Amerika fører for nasjonal og sosial frigjering er ein lekk i den verdsomfemnande striden for den proletariske verdsrevolusjonen. Dei anti-imperialistiske og nydemokratiske revolusjonane i dei koloniale og halv-koloniale landa, er ein heilstøypt del av den sosialistiske verdsrevolusjonen. Mao seier det slik:

»Ein slik revolusjon går til åtak på imperialismen i sjølve rotene hans og vert såleis ikkje tolt, men motarbeida av imperialismen. Derimot vert han støtta av sosialismen, det sosialistiske landet og det internasjonale, sosialistiske proletariatet. Såleis vert ein såvoren revolusjon ein uskiljeleg del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen.«

d) Dei grunnleggjande motseiningene i verda i dag.

Dei grunnleggjande motseiningene i verda i dag, er desse:

- 1) motseininga mellom dei underkua folka og nasjonane på den eine sida, og imperialismen/sosialimperialismen på hi side.
- 2) motseininga mellom proletariatet og borgarskapet i dei kapitalistiske og byråkrat-kapitalistiske landa.
- 3) motseininga mellom dei imperialistiske og sosialimperialistiske landa innbyrdes.
- 4) motseininga mellom dei imperialistiske og sosialimperialistiske landa på den eine sida, og dei sosialistiske landa på hi side.

Ikkje nokon av desse motseiningene kan løystast innanfor ramma av det imperialistiske verdsystemet.

Verda er i dag kjenneteikna ved at alle desse motseiningene er skjerpa kraftig:

– 1970-åra har vori prega av ein kraftig auke i klassekampen i heile den vestlege, imperialistiske verda. Det er mange døme på at proletariet i Sovjet og dei andre byråkrat-kapitalistiske landa har reist seg til kamp mot utbyttinga og den fascistiske underkuinga til dei nye herskarane.

– Den kampen som dei undertrykte folka og nasjonane i Asia, Afrika og Latin-Amerika fører mot imperialismen og sosialimperialismen har hatt eit stort oppsving. Ein rad stader har folka teki opp geværet og reist folkekrig mot imperialismen.

Sigeren dei indokinesiske folka har vunne over USA-imperialismen er eit førebels høgdepunkt i denne striden.

Jamvel den politiske og økonomiske striden som folka og landa i den 3. verda fører mot imperialismen og supermaktene er ein viktig lekk i den verdsemfemnande kampen mot imperialismen.

– Motseininga mellom dei imperialistiske og sosialimperialistiske landa på den eine sida, og dei sosialistiske landa på hi side har vorti skjerpa. Innsirklingspolitikken overfor Albania frå den vestlege imperialismen og sosialimperialismen og provosjonane frå sosialimperialismen mot Folkerepublikken Kina er døme på dette.

– Motseininga mellom dei imperialistiske og sosialimperialistiske landa har vorti sers kraftig skjerpa dei siste åra. Serleg kjem dette til uttrykk ved den kraftige og aukande *rivaliseringa* mellom dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet for å oppnå hegemoni og verdsherredøme.

Motseininga mellom USA-imperialismen og hans allierte, som Vest-Tyskland, Frankrike, Japan, aukar også. Krisene for det internasjonale betalingsystemet som har vore bygt på dollaren, er eit uttrykk for det.

Oppdelinga av verda i eit sosialistiske lærer og eit kapitalistisk lærer, som vart skapt gjennom dei folkedemokratiske og sosialistiske revolusjonane etter den 2. verdskriga finst ikkje lenger. Omvandlinga av sosialistiske Sovjet til eit kapitalistisk og sosialimperialistisk land i tida omkring den 20 partikongressen i 1956 har knust det sosialistiske lærget.

I dag er oppdelinga av verda endra til oppdelinga mellom for det første dei to imperialistiske supermaktene Sovjet og USA, for det andre dei mindre kapitalistiske landa, og for det tredje dei underkua folka og nasjonane i den tredje verda.

Motseiningene som finst mellom dei to supermaktene og dei mindre kapitalistiske landa spring fram av objektive vilkår. Dei er *underordna* motseiningar, men folka i verda må nyttta dei ut i den grad det er gunstig for kampen mot supermaktene.

Den motseininga som *karakteriserer* verdsutviklinga i dag, som er hovuddrivkrafta i verdsutviklinga og som verkar inn på *alle* andre motseiningar, er motseininga mellom dei underkua folka og nasjonane i verda og imperialismen og sosialimperialismen. Dette er *hovudmotseininga* i verda i dag.

Analysen av utviklinga av dei grunnleggjande motseiningane i verda i dag syner at såvel faktorane for *revolusjon* som faktorane for *krig* aukar.

4. DEI TO IMPERIALISTISKE SUPERMAKTENE.

Den 2. verdskriga vart innleidd som ein imperialistisk krig om nyoppdeling av verda. Det var den snøgt veksande tyske imperialismen som utfordra den engelske, franske og amerikanske imperialismen om hegemoniet og verdsherredømet. Etterkvar, og særskilt ved åtaket på det døverande sosialistiske Sovjet, skjedde det eit omskifte i karakteren av krigen. Han vart omvandla til ein verdsemfemnande krig mot fascismen.

Resultatet av krigen var ein rad folkedemokratiske og sosialistiske revolusjonar, og skipinga av eit sosialistisk lærer. Det var og innleiringa til at det imperialistiske kolonisystemet braut saman i den gamle forma si.

Slutten på den andre verdskriga innleide såleis den *andre* fasen i den ålmenne krisa i kapitalismen.

I det imperialistiske læreret vart resultatet at England og dei andre imperialistiske stormaktene vart veikte, medan USA styrka seg kraftig.

Etter 1945 sto USA fram som ei imperialistisk *supermakt*, og jamvel den *einaste*. Ikke noko imperialistmakt kunne måle seg med USA i økonomisk og militær styrke. USA skipa basar og grep inn *overalt* i verda, og var den *einaste* som svингde takstokken i den imperialistiske leiren. USA hadde vorti hovudfienden til *alle* folka i verda.

Den borgarlege kontrarevolusjonen i Sovjet i 1950-åra endra denne stoda. I og med skipinga av statsmonopolkapitalismen og byråkratborgarskapet sitt diktatur i Sovjet, vart denne staten omvandla til ein *imperialistisk stat*. Men med Sovjet sitt store økonomiske og særskilt *militære* potensial, var grunnen lagd for utviklinga av *ei ny* imperialistisk supermakt.

Dette gjer at vi i verda i dag har to imperialistiske supermakter som utbyttar, plyndrar og underkuar andre folk og nasjonar over heile verda og som konkurrerer seg i mellom om hegemoni og herredømmet i verda.

Omvandlinga av Sovjet til ein imperialistisk stat og ei supermakt i tevling med den andre supermakta USA-imperialismen set eit skilje i historia som gjer at den andre fasen i den ålmenne krisa i kapitalismen er blitt avløyst av ein *tredje* fase.

Sigeren for kontrarevolusjonen i Sovjet og samanbrotet av det sosialistiske lærget var det viktigaste grunnlaget for at det imperialistiske verdssystemet stabiliserte seg mellombels i 1960-åra. Utviklinga i 1970-åra har prova at denne fasen som dei føregåande vil seie at alle motseiningene i imperialismen stadig vert skjerpa. Den tredje fasen i den ålmenne krisa har skjerpa kampen innanfor imperialismen om verdsherredømet, har skapt ein stadig meir gunstig situasjon for kampen til dei underkua folka og nasjonane, og vil framskunde sigeren for den sosialistiske revolusjonen i verdsomfang.

a) USA-imperialismen

USA er ei supermakt i relativ nedgang. Tapa i Indokina, samanbrotet for innsirklingspolitikken mot Kina og motstanden mot USA-imperialismen overalt i den 3. verda har skjerpa ettergangen for denne supermarkta.

Den sovjetiske sosialimperialismen har rykka fram på kostnad av USA mange stader i verda.

Dei periodiske, økonomiske krisene i den vestlege verda har råka USA med stadig aukande styrke.

Klassestriden i USA har auka kraftig dei siste åra, og har skapt aukande vanskar for herskar-klassen i landet.

Dei auka vanskane for USA-imperialismen heime og internasjonalt har kløyvt den nord-amerikanske herskarklassen, og veikt han på mange vis.

Men USA-imperialismen er ikkje nokon daud hund. Sambandstatane er framleis ei *supermakt*, som utbyttar og kuar folk og nasjonar over heile verda. USA freister desperat å hindre attergangen og forsøre det rasknande verdiperiet sitt. USA-imperialismen rivaliserer kraftig med den sovjetiske sosialimperialismen om å vera den fremste imperialistmakta for å halde på hegemoniet.

b) Den sovjetiske sosialimperialismen

Etter at kapitalismen og borgardiktaturet vart attreist i Sovjet gjennom kontrarevolusjonen i 1950-åra, la sosialimperialistane i byrjinga opp til å fremje dei imperialistiske måla sine gjennom *samarbeid* med USA-imperialismen. Men etterkvar som sosialimperialismen auka sin styrke, vart striden og rivaliseringa hovudtendensei i tilhøvet mellom dei to supermarktene.

Den sovjetiske sosialimperialismen er ei supermakt i relativ oppgang i hove til den andre supermarkta. Sosialimperialismen har ekspandert kraftig over heile verda og har direkte og indirekte nytta krig og militær aggresjon for å nå måla sine.

Den sovjetiske sosialimperialismen legg i røynda opp til å tvinge fram ei *nyoppdeling* av verda, og tevar kraftig med den andre supermarkta for å vinne hegemoni. Sovjet er eit *statsmonopolkapitalistisk* samfunn, med alle dei grunnleggjande eigenskapene til kapitalismen og imperialismen.

Den nye herskarklassen av byråkratkapitalistar har bytt det tidlegare proletardiktaturet med eit borgarleg diktatur og utbyttar proletaariatet og dei arbeidande massane i Sovjet.

Den sovjetiske borgarlege herskarklassen framstiller kapitalismen og imperialismen i Sovjet som »sosialistisk» og kallar den herskande, revisionistiske og borgarlege ideologien sin for »marxisme-leninisme».

Dette gjer det naudsint å kalla den sovjetiske imperialismen for *sosialimperialisme*, dvs. *sosialisme* i ord, men *imperialisme* i handling.

Mao Tsetung har peika på »at revisionismen har komi til mакта vil seie at borgarskapet har komi til mакта.» Sovjetunionen er i dag lagt under borgarskapet sitt diktatur, eit diktatur av storborgarskapet, eit diktatur av den tyske fascistiske typen, eit diktatur av Hitler-typen.»

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2017

På same vis som Hitler kalla det borgarlege, fascistiske diktaturet i Tyskland for »nasjonal-sosialistisk», kallar dei nye tsarane i Kreml diktaturet sitt i Sovjet for »sosialistisk» for å svindla massane. Slik freistar dei å løyne utbytinga og underkuinga i Sovjet.

For å sikre det kapitalistiske diktaturet sitt, må dei nye herskarane i Sovjet gjie det ei open, fascistisk og terroristisk form. Dei underkuar det sovjetiske folket med eit enormt politiapparat, konsentrationsleirar, køller, gevær og tanks. Alle demokratiske rettar er avskaffa. Arbeidarklassen er fråteken elementære borgarleg-demokratiske rettar som ytringsfridom, prente- og demonstrasjonsfridom, møtefridom og fridom til å organisere seg politisk.

Dei tidlegare masseorganisasjonane til arbeidarklassen og folket i Sovjet er omvandla til korporative organisasjonar under full kontroll av den kapitalistiske staten.

Sovjet er i dag igjen blitt eit »fengsel for nasjonane», som Tsar-Russland var. Den stor-russiske sjävinismen herskar no fullt ut, som den gjorde under dei gamle tsarane. Dei ulike nasjonane i Sovjetunionen vert i dag grovt kua og vert søkt utsletta ved russifisering.

Liksom i Tyskland under Hitler er økonomien i Sovjet i dag kraftig *militarisert*. Sentrale delar av produksjonen vert stendig meir innretta på militær produksjon, for å setje sosialimperialismen i stand til militær ekspanasjon og aggresjon overalt i verda. Dette skjer på trass av at jordbruket og lettindustrien i Sovjet er råka av ei permanent krise. Prinsippet om »kanonar i staden for smør» er ei *integrert* lekk i den sovjetiske økonomien. I 1976 er det sosialimperialistiske militærbudsjettet vorte det største i verda. På dei fleste omverve, har sosialimperialismen nå vorti USA-imperialismen militært overlegen. Sosialimperialismen sin imperialistiske ekspanasjon økonomisk, politisk og militært over heile verda er eit lovande uttrykk for det imperialistiske, økonomiske systemet i Sovjet.

Den særskilt *aggressive* karakteren til sosialimperialismen heng likeins saman med *serdrag* i den nye sovjetkapitalismen. Sovjet sin *økonomiske* styrke, er veikare enn USA sin. Evna til økonomisk infiltrasjon er førebels mindre enn USA-imperialismen sin.

På den andre sida har det statsmonopolistiske systemet i Sovjet gjort det mogleg å innrette så stor del av produksjonen på militæroppbygginga. Desse faktorane fører til at sosialimperialismen lett grip til militære tiltak for å tvinge kolonialismen sin på undertrykte folk og nasjonar.

Den raskt veksande sovjetiske sosialimperialismen er ei aggressiv, fascistisk supermakt som konkurrerar med den andre imperialistiske supermarkta om hegemoni og verdsherredøme, og som kuar og plyndrar folk og nasjonar overalt i verda.

c) Mot all imperialisme og reaksjon

Dei to supermarktene Sovjet og USA er i dag fienden for folket i verda. Dei er førarane for

det imperialistiske verdssystemet og den militære garantien for all imperialisme og reaksjon. Kampen mot imperialismen må rette hovudstøtet sitt mot dei.

Men dei to supermaktene er ikkje dei einaste fiendane for arbeidarklassen og folket i verda.

For det eine har supermaktene marionettar i regjerings- og styrande parti i visse underkuanasjoner. Dei er haldne beinveges opp av supermaktene politisk, militært og finansielt, og striden mot dei må førast saman med striden mot supermaktene.

For det andre finst det andre imperialistiske land enn dei to supermaktene. Sjølv om det finst motseiingar mellom land som Vest-Tyskland, Storbritannia, Frankrike, Japan, og USA-imperialismen, er dei framleis dei viktigaste partnarane hans. Dei følgjer som han ein politikk med økonomisk ekspansjon og nykolonialisme overfor andre land og sokjer å skape seg maktsfærer, dels på eiga hand, dels under paraplyen til dei to supermaktene, i sær USA.

Motseiingene mellom dei og dei to supermaktene er først og fremst motseiinger mellom sterke og veike konkurrentar om profitten, og desse mindre imperialistlanda vil alltid falle ned til støtte for det imperialistiske verdssystemet. Dette gjeld og monopolborgarskapet i små imperialistiske land som Noreg, som sjølv er imperialistar.

Arbeidarklassen og folka i alle land må evne å kjempe mot supermaktene og mot dei mindre imperialistane samtidig. I denne kampen må dei likevel avvise den revisionistiske fella som går ut på å jamstelle små og store imperialistar og seie at «alle imperialistar er like färlege». Dei må skilje ut dei viktigaste fiendane ut frå tilhøva i sine land, og koncentrere kreftene om dei to supermaktene og freistnaden deira på å vinne verdsherredøme.

Analysa i 1976 syner at rivaliseringa mellom dei to supermaktene om hegemoniet peikar fram mot ein ny verdskrig. Denne krigs- og aggressjonspolitikken rettar seg mot proletariatet og folka i heile verda.

5. VI LEVER I EI FØRKRIGSTID

a) Faktorane for krig aukar

Utviklinga av dei grunnleggjande motseiingene i verda syner at den mellombels stabiliseringa av det imperialistiske verdssystemet etter den 2. verdskriga nå er definitivt over. Verda er prega av uro og raske omskifte i utviklinga.

Den kraftige og stadig aukande rivaliseringa mellom dei to imperialistiske supermaktene går føre seg på såvel det økonomiske og politiske som det militære omkværet. Dei to driv imperialistisk krig i avgrensna omfang alt i dag, dels ved militære framstøytar på kvar sin kant og dels ved stadig fleir krigar der både supermaktene er blanda inn. Både supermaktene, og særskilt sosialimperialismen driv intense krigsførebuingar. Militærrustninga hjå dei to er sterke enn nokonsinne.

Supermaktene freister å skjule krigsførebuingane sine bak prat om »fred» og »avspenning». Faktum er at det aldri har vorti rusta meir til krig enn no.

Det er særskilt dei nye tsarane i Kremlin som går i brodder for den imperialistiske pasifismen og propaganderer »avspenning». Føremålet er å føre folk i verda bak ljoset og senke vaktsemda deira overfor krigstrugsål for å kunne taka dei på senga med ein imperialistisk krig.

Hovudtendensen i tilhøvet mellom dei to supermaktene, er at den veksande sosialimperialismen er på offensiven overfor USA-imperialismen. Sovjet har rykka fram og skaffa seg basar og strategiske punkt på kostnad av USA. Sovjet har skaffa seg militært overtak. Ut frå stoda i verda i dag er det sannsynleg at det er Sovjet som vil utløyse ein ny krig.

Mao seier at »anten hindrar revolusjonen krigen, eller så fører kriegen til revolusjon».

Det er berre siger i folka sine revolusjonære kampar, og særskilt i dei to supermaktene, som kan hindre kriegen. Men perspektiva for sigrande revolusjonar i dei to supermaktene er framleis langsigktig.

Dei faktorane som verkar i retning krigen styrkar seg: Rivaliseringa mellom supermaktene, fasciseringa og den kraftige militariseringa i Sovjet, skjerpinga av den almenne krisa i kapitalismen og den ujamne utviklinga.

I dag er situasjonen i verda difor slik at det er sannsynleg at det vil bryte ut krig mellom supermaktene, og at det heilt sikkert vil bryte ut krigar der både supermaktene er blanda inn.

b) Supermaktene trugar Noreg med krig

Den nasjonale suvereniteten og nasjonale sjørlåderetten til Noreg er truga av både dei to supermaktene.

USA-imperialismen har stor kontroll over viktige delar av norsk økonomi. Gjennom NATO har Sambandstatane kontroll over det borgarlege militærapparatet i Noreg.

Den sovjetiske sosialimperialismen har bygd opp enorme militærstyrkar langs nokskegrensa. Kolahalvoya er ein einaste stor militærbase, der sosialimperialistane m.a. har den største flåtebasen i verda. Sovjet driv regelbundne øvingar i landsetjing av okkupasjonstroppar på norsk territorium.

Den sovjetiske sosialimperialismen driv systematisk rovviske i norske havområde, dei oversterkt press for å rane til seg norsk sjøterritoriuum og dei over press på Noreg for å få kontroll over norsk landområde på Svalbard.

Den imperialistiske aggressjons- og krigspolitikken til supermaktene er et stort trugsål mot den norske sjørlåderetten og mot interesse til arbeidarklassen og dei arbeidande masane i Noreg.

I rivaliseringa mellom supermaktene utgjør Noreg eit strategisk nøkkelområde. Dersom det bryt ut krig mellom supermaktene, vil Noreg verta trukke inn. Supermaktene trugar i røynda Noreg med krig.

6. VERDSREVOLUSJONEN VIL SIGRE

Den aukande rivaliseringa i kampen om hegemoniet mellom dei to supermaktene og faren for at dette skal utløse ein tredje verdskrig er berre den eine tendensen i verdsutviklinga. Den andre tendensen er framgangen og dei stadig betre vilkåra for revolusjonen.

Det er denne tendensen som er hovudtendenzen i verda i dag. Det er USA-imperialismen og den sovjetiske sosialimperialismen som fryktar folka i verda, ikkje folka i verda som fryktar imperialismen og supermaktene.

Den imperialistiske utbyttinga og underkuinga av nasjonane i den tredje verda skapar sjølv dei kreftene som er grunnlaget for nasjonal og sosial frigjering.

Samarbeidet og rivaliseringa mellom dei to supermaktene for å halde folka og nasjonane nede og tevla med kvarandre om herredøme i verda, samlar folka og nasjonane i verda meir og meir mot dei to supermaktene og all imperialisme.

Voksteren i den kapitalistiske produksjonen i dei imperialistiske landa har skapt stadig nye kriser som går djupare for kvart år. Arbeidarklassen svarar på dette ved å auke kampen mot borgarskapet i desse landa.

Den bruken monopolborgarskapet gjer av den moderne revisionismen og sosialdemokratiet, lærer stadig fleire å sjå skilnaden på ekte og falsk marxisme, og styrkar dei nye marxist-leninistiske partia og organisasjonane.

Den borgarlege kontrarevolusjonen og omdelinga av sosialisme til kapitalisme og imperialisme i Sovjet og andre tidlegare sosialistiske og folkedemokratiske land, har lært partia og arbeidarklassen i sosialistiske land som Kina og Albania å vera meir på vakt, skjerpa klassekampen, utdjupe proletardiktaturet og tryggje sosialismen.

Innsirklingspolitikken imperialistane har drive overfor dei sosialistiske landa, har mislukkast, og har ikkje veikt, men har styrka prestisjen til Folkerupublikken Kina og dei andre sosialistiske landa hos arbeidarklassen og folka i verda.

Dersom imperialistane vågar å sleppe laus ein tredje imperialistisk verdskrig, vil proletariatet og folket utan tvil reise seg og svare med revolusjonær krig.

Utviklinga i verda i dag syner at tidbolken for imperialismen »må avle og fostre politikken med strid mot nasjonal underkuing og med proletarisk strid mot borgarskapet. Difor vert det både mogleg og uomgjengeleg med for det første revolusjonære nasjonale oppreistar og krigar, for det andre med proletariske krigar og oppreistar *mot* borgarskapet, og for det tredje med ei samling av begge slag revolusjonær krig» (Lenin). Same kva tiltak imperialismen og supermaktene vil ta for å berge seg frå samanbrot, vil imperialismen bli slegen og avloyst av socialismen.

7. IMPERIALISMEN OG REVISJONISMEN

Lenin har synt at det er eit samband mellom imperialismen og utviklinga av opportunismen og revisjonismen i arbeidarklassen og arbeidarrørsla.

Grunndraget ved imperialismen, monopola og utbyttinga og underkuinga av folka i andre land, sette borgarskapet i dei imperialistiske landa i stand til å nytte økonomiske og politiske middel til å mute eit tynt skikt av dei øvste laga av arbeidarane sine ved hjelp av superprofittane.

Dette har skapt det økonomiske og politiske grunnlaget for framvoksteren av eit arbeidararistokrati, av borgarlege arbeidarleiarar» og borgarlege »arbeidarparti». Dette har skjedd i alle imperialistiske land.

Arbeidararistokratiet er det viktigaste sosiale grunnlaget for opportunismen og revisjonismen i arbeidarklassen og arbeidarrørsla.

Opportunismen og revisjonismen representerer eit lite *mindretal* i arbeidarklassen. Dei svik og sel interessene til massane, ber fram ideane til borgarskapet og makra til det, og er allierte med borgarskapet og agentar for det. Dei borgarlege »arbeidarpartia er den politiske hovudstøtta for borgarskapet sitt diktatur i vår tid.

Lenin syntet at kampen mot imperialismen og kampen for den sosialistiske revolusjonen ikkje kan sigre utan skarp og ubøyeleg strid over heile lina mot desse partia, gruppene og straumdraga.

Opportunismen og revisjonismen nådde det første høgdepunktet sitt under den første verdskriegen fra 1914 til 1918, då dei utvikla seg til sosialsjävinisme og sosiyalimperialisme – det vil seie støtte til det eigne borgarskapet i den imperialistiske krigen.

Dei sosialdemokratiske partia har for lengst utvikla seg til hovudpartia for monopolkapitalen i ein rad imperialistiske land. Etter den andre verdskriegen har dei fått ein dobbelkarakter: Dei er agentar for borgarskapet i kvart land i arbeidarklassen, og samstundes agentur for den aggressive imperialistmaka USA.

Den moderne revisionismen vokser fram under og etter den andre verdskriegen først som ei støtte for USA-imperialismen og for monopolborgarskapet i kvart land.

Etter at makta i Sovjetunionens Kommunistiske parti vart vunne av revisionistane kring Khrusjtsjov, fekk dei moderne revisionistiske partia ein ny karakter. På den eine sida er dei som sosialdemokratiet agentur for borgarskapet i arbeidarrørsla. På den andre sida er dei opne agentur for den aggressive sovjetiske sosiyalimperialismen. I verdsmalet støtta gjer dette den moderne revisionismen jamvel til ei militær hovudstøtte for det imperialistiske verdssystemet mot arbeidarklassen og folka.

Lenin si tese gjeld fullt ut i dag: Kampen mot imperialismen, i sær sosiyalimperialismen, kan berre vinna gjennom skarp, målmedveten og ubøyeleg strid mot den moderne revisionismen og all opportunisme. Arbeidarklassen og folket i alle land må avvise alt samhald med den moderne revisionismen.

8. DEN PROLETARISKE INTERNASJONALISMEN

Vår analyse av det imperialistiske verdsystemet syner at arbeidarklassen si oppgåve med å gjennomføre den sosialistiske revolusjonen og smi vilkåra for det klasselause samfunnet, gjer arbeidarklassen sin kamp *internasjonal*.

Imperialismen er eit verdsomfemnande system som berre kan verta kasta på historia sin skraphaug ved sams strid frå proletariatet og folka i heile verda.

På grunn av den ujamne utviklinga av kapitalismen og dei ulike vilkåra for klassekampen i kvart einskilt land, kan ikkje revolusjonen sigre samstundes over heile verda.

Oktobervevolusjonen syntte at det var mogleg for sosialismen å sigre i eitt einskilt land. Men skal sosialismen kunne sigre på lang sikt, må proletariatet i dei ymse landa stø kvarandre og samordne kampen sin.

Det er ein plikt for alle revolusjonære, og naudsynt for arbeidarklassen, å stø dei sosialistiske landa, særskilt Kina og Albania. Desse landa syner den vegn arbeidarklassen må gå for å sigre og for å rotfeste makta si. Dei har synt korleis det er råd å hindre etterreisning av kapitalisme etter at sosialismen er skipa.

Imperialismen, sosialimperialismen og all reaksjon freistar å ringe dei sosialistiske landa inn for å knuse dei på sikt. Det er det internasjonale proletariatet si oppgåve å hindre slike samansverjingar og støtte Kina, Albania, Vietnam, Kambodsja og Den demokratiske folke-republikken Korea.

Det er særsviktig for proletariatet i dei industrialiserte landa å stø den kampen dei undertrykte folka og nasjonane fører mot imperialismen og for den proletariske verdsrevolusjonen. Det er såleis viktig å solidarisere seg med den tredje verda og gje frigjøringsrørslene kraftig stønad. AKP(m-l) vil kjempe saman med alle klassemedvetne arbeidarar mot tendensen til sjåvinisme, som borgarskapet og revisjonistane spreier.

Solidaritet mellom arbeidarane i alle kapitalistiske land er ein tredje del av den proletariske internasjonalismen. Ved å uttrykke solidaritet, følgje med i kvarandrep sine kampar og utvikle sams aksjonar kan arbeidarklassen i desse landa auke slagkrafta si mot same fiende.

Særskilt i samband med ein imperialistisk krig er det viktig at arbeidarklassen gjer motstand mot å bli nytta som kanonføde i ein urettvis krig, og sjølv reiser ein nasjonal revolusjonær krig mot imperialistiske åtak.

Dei ekte kommunistpartia som bygger på marxismen-leninismen står i fremste rekke i kampen mot imperialismen, sosialimperialisme og all reaksjon. Av denne grunn er det naudsynt og viktig å utvikle einskapen i den internasjonale, marxist-leninistiske rørsla.

PROLETARAR OG UNDERKUA I ALLE LAND, STÅ SAMAN !

III KLASSEKAMPEN I NORGE

9. KAPITALISMEN I NOREG

a) Utviklinga av den norske kapitalismen

Klassekampen i Noreg har ei historie på meir enn tusen år. (Før det var det urkommunisme.) De arbeidande massane i Noreg har gang på gang reist seg mot utbyttarklassane og er blitt møtte med blodig underkuing. Gjennom utviklinga av produksjonsmidla og klassekampen har det norske samfunnet utvikla seg frå eit slave-eigarsamfunn til eit føydalsamfunn og deretter til eit kapitalistisk samfunn. Liksom kapitalismen i si tid viste føydalismen til historia sin skraphaug, vil like sikkert sosialismen vise kapitalismen dit.

Kapitalismen i Noreg hadde røtene sine i bergverksdrift, trelastindustri og handel. Seinare

voks skipsfarten fram og blei eit viktig element i den norske kapitalismen. Reiarkapitalen, handelskapitalen og restar av den foydale godseigar-klassen kom til å setje eit sær preg på det norske borgarskapet då det utvikla seg. Den industrielle revolusjonen i Noreg tok ikkje virkeleg fart før på 1850-talet. I siste halvdelen av det førre hundreåret blei den kapitalistiske utbyttinga heilt dominerande. Som all annan kapital er også den norske grunnlagt på proletariatet sitt blod. Reiara skapte seg formuer ved å la massevis av sjøfolk risikere livet på synkeferdige skuter. Industrikapitalen blei til på barnearbeit og omsynslaus utbytting av arbeidarklassen.

Utviklinga av kapitalismen i Noreg blei hindra av at den norske nasjonen var undertrykt av den svenske staten. Fram til 1905 og unionsoppløysinga spelte borgarskapet derfor ei progressiv

rolle innan visse greiner. Med unionsopploysinga var den siste steinen i den borgerlege revolusjonen lagt, og frå då av har borgarskapet spelt ei reaksjonær rolle som underkuande, utbyttande og snyltande klasse.

I tida frå 1905 til første verdskriga utvikla den norske kapitalismen seg voldsomt. Samstundes fekk utanlandsk kapital eit stort fotfeste i Noreg, og seinare er det berre blitt styrka. Arbeidarklassen voks og blei den største klassen i det norske samfunnet.

Den første verdskriga var ei tid då krigsprofittørane la grunnlaget for den norske monopolkapitalismen. Det arbeidande folket i Noreg måtte li under ei kraftig forverring av levevilkåra, samstundes som rederkapital og bankkapital voks. Kriza på tjuetallet sanerte mye av den mindre kapitalen og kravde at dei store kapitalistane nyttja staten meir beinveges som økonomisk reiskap. Slik starta utviklinga av den norske statsmonopolkapitalismen.

Trettitallet førte med seg ei økonomisk og politisk konsolidering av statsmonopolkapitalismen. Særlig hadde det mykje å sie for den norske kapitalistklassen at sosialdemokratiet klarte å kneble arbeidarklassen gjennom hovudavtalen og andre reaksjonære tiltak.

Norsk kapital gjorde store profittar på den andre verdskriga. Reiarane tente på krigsfaktene og industrien tente på produksjonen for okkupantene. På nytt var det dei arbeidande massane i Noreg som måtte bere børene av kapitalakkumulasjonen.

Ved innleiinga til etterkrigstida brukte borgarskapet den akkumulerte krigskapitalen til å skape nye store produksjonsmonopol og ein langt meir utvikla finanskapital. På det politiske området fekk denne prosessen sitt uttrykk i sosialdemokratiet sin demagogi om «nasjonal gjenreising». USA-imperialismen styrka grepet på Noreg. Femtåra blei ei tid med ein kraftig auke i utbytinga av den norske arbeidarklassen gjennom rasjonalisering og tidsstudium. Men sigeren for revisionismen i NKP og i Sovjetunionen drog ut den mellombels stabiliseringa av kapitalismen, sjølv om underkuinga av massane heldt fram. Dei periodiske krisene i den norske kapitalismen kom oftare og kom att med om lag fire års mellomrom.

Ved slutten av sekstitallet var den mellombels stabiliseringa av kapitalismen definitivt slutt, det norske samfunnet gikk inn i ei tid med kraftig skjerping av den økonomiske kriza og av klassekampen. Den norske kapitalismen har i dag ingen reserver som kan gi utveg til ein ny stabilisering på line med 50- og 60-tallet.

Dei to faktorane som den norske kapitalismen henta den forbigåande styrken sin frå, har endra seg. Internasjonalt går imperialismen frå krise til krise, og her i landet har proletariatet igjen fått det politiske partiet sitt, AKP(m-l), som er fort til å ta leiinga i klassekampen.

I etterkrigstida har statsmonopolkapitalismen utvikla seg, og i 1970-åra har han kome på eit helt nytt nivå. Utviklinga av den norske kapitalismen til statsmonopolkapitalisme og imperialisme har skapt eit økonomisk grunnlag for eit relativt vidfemt arbeidaristokrati. Desse arbeidarloytnantane for kapitalen er aktive sabotorar av klassekampen, og jobbar meir effektivt for å få kapitalismen i Noreg til å vere enn

kapitalistklassen kunne gjort på eiga hand.

Arbeidaristokratiet har gjort dei store samyrkeorganisasjonane om til byråkratkapitalistiske selskap, slik som NKL, Landsbanken, Samvirke osb. Ei tilsvarande utvikling har skjedd med dei store landbruksorganisasjonane. Dei leiande byråkratkapitalistane høyrer til den monopolistiske delen av borgarskapet.

Vi tek avstand frå den borgarlege og revisionistiske myten om at det norske klassesamfunnet har vore prega av «friidleg og parlamentarisk utvikling». Før kapitalismen braut gjennom i Noreg raste det gong på gong klassekrigar der dei undertrykte massane prøvde å kaste av seg utbyttaråka. Under kapitalismen har arbeidarklassen blitt møtt med valdsmakta til borgarskapet gong på gong. Kampen for fagforeiningane kravde store offer av arbeidarklassen, både forfølging og kriminalisering og til og med dødsoffer. Ved mange viktige arbeidskamper har borgarskapet brukt valdsapparatet til å knekke kampen. Når kampen ikkje har blitt valdsamar, kjem det ikkje av at det norske borgarskapet har nokon særskilt friidleg karakter. Det kjem av at arbeidarklassen sjeldan har vore i nærlieken av å truge borgarskapet si makt. All historie, også den norske, syner at så snart arbeidarklassen blir sterkt nok til å truge den kapitalistiske staten, då vil borgarskapet også vere budd på å slå han ned med blodig vald.

Thrannerørla, som var den første arbeidarrørla i Noreg, vart slegen ned med vald. Dei første streikekampane og fagforeiningane vart møtte med vald. Dei store arbeidskampane på tjue- og trettitallet blei møtte med soldatar, statspoliti og borgarvern. Slik er soga om kapitalismen i Noreg.

b) Noreg og imperialismen

Noreg er eit imperialistisk land. Noreg er eit høgt utvikla statsmonopolisisk land som driv imperialistisk utbyting. Sjølv om Noreg er eit lite land, driv den norske herskarklassen slik utbyting i alle verdsdelar. Den kampen som folk i andre land måtte føre for å kjempe mot norsk imperialisme tener og arbeidarklassen og folket i Noreg, og vi vil stø slike kamper.

Proletariatet i Noreg må aldri stø norsk imperialisme. Det må kjempe mot han, og kjempe mot den imperialistiske sjåvinismen som borgarskapet prøver å forgifte arbeidarklassen med. Denne sjåvinismen er i strid med den proletariske internasjonalismen og ein verkeleg anti-imperialistisk patriotisme.

Noreg er ein del av den imperialistiske verda. Det kapitalistiske Noreg tek del i den imperialistiske utbytinga og undertrykkinga av dei undertrykte folka og nasjonane. Det imperialistiske borgarskapet i Noreg har ikkje nokon eigen militær og politisk styrke til å drive slik utbyting. Det har alltid følgd lina med å stø seg på ei større imperialistisk makt og drive utbytinga si i ly av kanonane til denne makta. I 1976 og i heile tida etter den andre verdskriga har det vore USA-imperialismen det har stødd seg på, tidlegare har det vore den engelske imperialismen. Det norske borgarskapet høyrer til verdsreaksjonen.

Noreg er eit offer for imperialismen. Sidan Noreg vann sjølvråderetten i 1905 har det alltid vore ein stor del utanlandsk imperialistisk eige-dom i Noreg. Både amerikansk, britisk, fransk, svensk og annan imperialistisk kapital har rova norske naturrikdomar og utbytta arbeidskraft i Noreg. I 1976 er det og tendensar til at sosialimperialismen ønsker å auke den økonomeiske aggressjonen sin overfor Noreg. Dei utanlandske imperialistane er fiendar av det norske folket, og det norske borgarskapet syner at det har ein unasjonal karakter ved at det alltid har oppmuntra slik utbytting og støtta seg på utanlandsk imperialisme. Samstundes finst det motseiningar mellom dei norske og dei utanlandske imperialistane. Av og til fører desse motseiningane til at den borgarlege staten tek tiltak mot utanlands kapital for å auke det norske borgarskapet sin lut. Det endrar ikkje noko ved den grunnleggjande karakteren til borgarskapet. Det er berre eit uttrykk for tevlinga mellom ulike kapitalistar.

Noreg driv »indre imperialisme». Det norske borgarskapet og dei tidlegare herskarklassane har lagt den samiske nasjonen under seg med vald. Gjennom mange hundreår er dei samiske områda blitt koloniserte, og det moderne borgarskapet har ført denne politikken vidare. Det norske proletariatet må kjempe mot den nasjonale underkuinga av samane og smi ein einskapsfront med samane mot den felles fienden. (Sjå sameprogrammet til AKP(m-l).)

10. KLASSANE I DET NORSKE SAMFUNNET

Det finst ulike borgarleg »liner» for klasseanalySEN. Den marxist-leninistiske klasseanalySEN vår skil seg klårt frå dei. Dei borgarlege analysane har eit sams grunnleggjande drag: alle saman legg hinder i vegen for at arbeidarklassen skal slå seg saman med dei verkelege venene sine i striden mot dei verkelege fiendane den har.

Dei moderne revisionistane fornekta i røynda den revolusjonære rolla å arbeidarklassen. Dei freistar å viske ut skiljelinene mellom arbeidarklassen og småborgarskapet.

Dei moderne revisionistane overdriv motseininga mellom den monopolistiske og den ikkje-monopolistiske delen av borgarskapet, og spreier illusjonar om at arbeidarklassen kan lite på delar av borgarskapet, ja, alliere seg med dei i kampen for den sosialistiske revolusjonen.

Det er og eit grunndrag hos revisionistane at dei fornekta klassealliansen mellom arbeidarklassen og småbøndene. Den lina finst i ulike former, og det er ikkje uvanleg at det blir brukt »venstre»fraser for å verje henne. Innhaldet i denne lina vert likevel det same som den opne høgresosialdemokratiske lina. Ho siktar mot å hindre arbeidarklassen frå å slå seg saman med dei verkelege venene sine, og er ei line som tener borgarskapet.

Etter den marxist-leninistiske klasseanalySEN er klassane i Noreg og tilhova mellom dei slik:

a) Borgarskapet

Borgarskapet er den klassen som lever av kapitalistisk utbytting av lønnsarbeid. Han eig og kontrollerer produksjonsmidia. Det er underordna om utbyttinga skjer i forma av eit privat firma, eit aksjeselskap eller eit statsselskap. Det avgjerande er at dei som eig eller rar over kapitalen, utbyttar andre menneske. Difor reknar vi både dei små og mellomstore kapitalistane til borgarskapet like vel som dei private monopolkapitalistane og byråkratkapitalistane i toppen av statsverksemndene.

Overfor den sosialistiske revolusjonen er borgarskapet *ein* klasse som lever av kapitalistisk utbytting av arbeidarklassen. Men innanfor borgarskapet er det monopolborgarskapet som har makt. Borgarskapet sitt diktatur i var tidebolk har *form* av eit monopolkapitalistisk diktatur. Finansoligariet og toppane i statsapparatet er eksekutivkomiteen i monopolkapitalen. Dei mindre kapitalistane er interesserte i at monopolkapitalen sitt diktatur vert halde opp, men dei har ingen del av makt. Monopoli skirar seg ekstraprofitt også pa kostnad av dei mindre kapitalistane. Dette fører til at desse kapitalistane vert raderte ut. Men samstundes skapar kapitalismen stadig mindre kapital på ny i form av delleverandørar til monopola osb.

Som herskande lag innanfor borgarskapet med raderett over finanskapitalen, med statsapparatet i sine hender osb., har monopolborgarskapet visse trekk av å vere ein eigen klasse i høve til resten av borgarskapet. Men denne motseininga, kor skarp ho til tider enn kan vere, er underordna motseininga mellom borgarskapet som heile og proletariatet.

b) Klassane på landsbygda og i fiskedistrikta

I eit høgt utvikla kapitalistisk land som Noreg har kapitalistiske produksjonstilhove trengt inn i landbruket. Kapitalismen trengde seinare inn i landbruket enn i andre delar av samfunnet, og småproduksjonen er enno dei mest typiske draget ved landbruket i Noreg. Men jordbruksproduksjonen sin karakter av vareproduksjon er det avgjerande i våre dagar. Finanskapitalen har og trengt inn i landbruket og pregar sjølv det minste småbruket. Storbondesbruka vert drivne etter reint kapitalistiske prinsipp. Difor eksisterer det ikkje lenger nokon sjølvstendig jordeigarklasse skild frå kapitalistklassen. Monopolet på jord er grunnleggjande for a analysere klassane på landsbygda. Jordeigedommen gjev opphav til grunnrente på alle jordstykke som vert drivne, og ei differensialrente i tillegg pa den beste

jorda som vert driven mest rasjonelt. Men det er berre dei rikaste bondene som får denne renta sjølv. Dei dårlegare stilté bondene vert utbytta av landbruksorganisasjonane, staten og bankane. Det er desse som sikrar seg renta på jorda åt småbondene. Dette er det økonomiske grunnlaget for at småbruka og gardane til småbondene vert fråflyttta.

Mekaniseringa av landbruket har redusert talet på landarbeidarar, men det vil ikkje seie at den kapitalistiske utbytinga er på veg ut or landbruket. Akkumuleringa av kapital hjá dei rike bondene er eit uttrykk for utbytinga av arbeidarklassen, sjølv om lonsarbeidet på desse brukna er vorte mindre.

I Noreg spelar landbruksorganisasjonane ei særskilt rolle som kapitalist, av de dei har monopol på omsetnaden og vidareforedlinga.

Klassane i fisket kan jamforast med jordbruket, og i kystbygdene er dei to knyttte saman, for mange arbeidande fiskarar og har eit lite gardsbruk. I fisket er det sjovsagt ikkje noko grunnrente. Fisket skil seg og frå landbruket ved at den imperialistiske kapitalen spelar ei meir direkte rolle der. Eit anna skilje er at den private handelskapitalen har ein dominerande plass i fiskeomsetnaden.

c) Storbonder og kapitalistiske fiskereiarar

Storbonder som eig høgt mekaniserte bruk med leigd arbeidskraft er kapitalistar. Dei driv utbyting av arbeidskraft og lever av det. Jamvel om somme store kornbonder med stor kapital kan klare seg mest utan å leige arbeidskraft, så tek dei del i utbytinga av arbeidarklassen fordi dei sikrar seg jordrenta. Klassemeflagane til storbondene i fisket er dei kapitalistiske fiskereigarane. Dei eig trålarar og andre store båtar med leigd arbeidskraft.

I Noreg finst det eit fatal godseigarar som eig jord og skog og anna kapitalistisk verksamd. Dei hoyer til same klassen som dei verkelege storbondene, borgarskapet. Men dei hoyer til det øvste skiktet i borgarskapet, og fleire av dei ma rekna til det monopolistiske borgarskapet.

Ein særskilt del av borgarskapet i landbruket er bondemonopolet som er ei kapitalistisk handelverksamd, som driv kapitalistisk produksjon osb. Det utbytta arbeidarklassen og dei små og mellomstore bondene, og styrkar dei store bondene.

d) Mellombondene og den øvste delen av småborgarskapet i fisket

Det er dei som i hovudsak lever av sitt eige arbeid, men som nyttar leigd arbeidskraft i eit visst mon eller til visse tider på året. Dei driv ein viss grad av utbyting, men er ikkje i stand til å leve som utbytтарar.

Dette skiftet delar seg i tre. Nokre av dei klarar å akkumulera frå år til anna, dei utvidar produksjonen og går over i borgarskapet. Dei blir storbonder eller kapitalistiske reiarar. Somme av dei akkumulerer berre i gode år og tarar på det i dei dårlegare åra. Dei held seg i den øvste delen av småborgarskapet. Den tredje gruppa går underskot det eine året etter det andre og vert tvinga til å selje eller verte som dei

lägare delane av småborgarskapet.

Dei best stilte mellombondene sikrar seg jordrenta jamvel om dei må avstå noko av ho til bankane og andre kapitalistar. Dei dårlegast stilte mellombondene får i royna ikkje nokon del av jordrenta.

Mellombondene og motsvarande delar av folk i fiskenæringa er fleire enn dei kapitalistiske storbondene og fiskereiarane. Dei har til no vore nært knytte til storbondene og stått under deira leiing politisk. Skjerpinga av den kapitalistiske landbrukskrisa vil føra til auka skilje mellom dei og vil betre vonene for at dei dårlegast stilte av dei kan rivast laus frå påverkanaden frå borgarskapet. Det er oppgåva for proletariatet å sokje å nøytraliser dei øvste laga av mellombondene og sokje å skipa om ikkje anna ein delvis allianse med dei dårlegast stilte mellombondene for revolusjonen. Etter den sosialistiske revolusjonen må proletariatet nytte statsmakta si til å dra mellombondene vekk frå storbondene. Difor vil dei ikkje bli krenkte og dei vil verte vunne for samyrke og kollektivisering gjennom overtyding.

Småbondene, lottkarer, sjarkfiskere osb.

Dette er den lågaste delen av småborgarskapet og dei er dei strategiske allierte med arbeidarklassen. Dei lever av sitt eige arbeid og driv med sine eigne produksjonsmiddel. Dei vert utbytta gjennom prissystemet og bankgjelda. Fiendane deira er dei same som fiendane til proletariatet. For det meste kan dei ikkje ein gong rá med eigendomen sin sjølv fordi dei har stor gjeld på han til banker osb.

Den lågaste delen av småborgarskapet på landsbygdene vert utraderte raskt, og dei har i royna ikkje noko von om å betre tilhøva sine under kapitalismen. Småbondene var klassegrunnlaget for Hitraaksjonen i 1975, og den synte dei skarpe motseilingane mellom dei på den eine sida og storbondene og landbruksmonopolet på den andre sida.

Småbondene er tvinga av konkurransen til å investere i betre og meir kapitalkrevjande utstyr. Men desse investeringane aukar berre klofta mellom dei og dei rike bondene, avdi dei ikkje kan nytte investeringane effektivt på så små eigedomar. Den aukande gjelda dreg dei difor raskt nedover. Finanskapitalen og staten sikrar seg ikkje berre jordrenta av småbondebruka, men også delar av det naudsynlege arbeidet. Mange av småbondebruka vert liggjande brakke etter fråflytting. Det synet korleis kapitalismen raserer produktivkrefter. Småbondene, lottkarane og sjarkfiskarane har verkeleg mykje å vinne på den sosialistiske revolusjonen og dei har rom i seg for stor entusiasme for han.

Det er viktig å skipe ein aktiv og gjensidig allianse mellom arbeidarklassen, småbondene og dei arbeidande fiskarane for den sosialistiske revolusjonen. Det er helt avgjerande for at revolusjonen skal sigre. Det er oppgåva for arbeidarklassen å giere opptaket til ein slik allianse og utvikle dei rotene som finst for han.

f) Halvproletariatet

Med halvproletarar meiner vi småprodusentar som er lonsarbeidarar ein del av året. Dei finst i fisket og i landbruket. Det er dei småbrukarane

og fiskarane som ikkje kan få vendane til å motast utan å ta lonsarbeid ved sida. Dei tar ofte anleggsarbeid, vegarbeid, skogsarbeid eller arbeid i sesongprega industri. Dei står med det eine beinet i proletariatet og er på veg over i proletariatet.

Småbondene og dei halvproletariske småbrukarane er fleirtalet av folkene på landsbygda, meir enn 70 prosent. Det går stadig snoggare i den leia at det blir fleire halvproletarar mellom dei enn reine småbonde.

Halvproletarane driv på den dårlegaste jorda.

Halvproletariatet er nært knytt til proletariatet, og dei er eit viktig feste på landsbygda for klassealliansen mellom proletariatet og dei arbeidande bondene og fiskarane.

g) Landarbeidarar, skogsarbeidarar og proletarar i fisket

Det agrare proletariatet vert redusert med mekaniseringa av landbruket. Det har difor vorte lite samanlikna med i 20- og 30-åra, men det er framleis politisk viktig. I fisket kan dei jamforas med dei eigedomslause fiskarane; trålargastane osb. Skilnaden er at desse arbeider på større arbeidsplassar og difor har betre styrke når dei organiserer seg.

Proletariatet på landsbygda og i fisket er ein del av proletariatet som heilskap, men av di dei er meir spreidde, har dei ikkje same styrken som industriarbeidarproletariatet i byane. Dei kan difor ikkje spele den same leiande rollen. På landsbygda må dei likevel vere leiande i hove til dei småborgarlege delane av bøndene og fiskarane.

h) Småborgarskapet i byane

Desse kan ein dele i mange ulike grupper. Det finst eit sjøveigande småborgarskap i handel eller i småproduksjon. Delar av dei »frie yrka» og intelligentsiaen må ein rekne til småborgarskapet. Det same gjeld somme av funksjonærane.

Det desse gruppene har felles er den småborgarlege mellomstillinga i hove til borgarskapet på den eine sida og proletariatet på hi. Men dei skil seg mykje frå kvarandre og må analyserast særskilt.

i) Det sjøveigande småborgarskapet i byane

Det er små butikkeigarar, eigarar av småagentur, eigarar av småproduksjonsverksemder. Dei utbytta delvis arbeidskraft, men ikkje så vidfemnt at dei kan leva av det. I mange hove driv dei reine familieverksemder. Dei er under hælen på monopol og bankane, men oftaft på eit slikt vis at dei vert lydige tenarar for dei politiske interessene til borgarskapet. Det finst døme på at einskilde personer frå denne gruppa har kjempa saman men arbeidarklassen mot borgarskapet og monopolane sine interesser. Men som gruppe er dei nært knytta til borgarskapet og dei er organisert i dei same organisasjonane.

Lækjarar, tannlækjarar, arkitektar, små advokatar osb. med eigen praksis og det store fleirtalet av kunstnarar og andre intellektuelle er ein særskild del av småborgarskapet. Det dei har felles er at dei eig dugleiken sin på særskilde område, utdanninga si, kunnskap osb., og kan selje den. Det gjev dei førerettar i hove til arbeidarklassen. Det er ein aukande tendens til at desse skikta vert tilsette i staten og kommunane, men framleis har dei ei småborgarleg stilling. Jamvel om dei tek imot løn, er dei ikkje lonsarbeidarar.

Folk i dei »frie» yrka vert og polarisert. Somme av dei vert rekrutterte til borgarskapet og jamvel til det monopolistiske borgarskapet. Det gjeld mellom anna advokatar og delar av intelligentsiaen.

Delar av kunstnarane må ta lonsarbeid ved sida og blir da a rekna som halvproletarar.

k) »Funksjonærane»

Dei vert kalla funksjonærar eller tenestemann. I royna må ein dela desse i tre klassar: Dei øvste funksjonærane og tenestemannene høyrer til borgarskapet. Dei tek del i utbyttinga av arbeidarklassen og organiserer borgarskapet si utbytting av arbeidarklassen. Det gjeld tilsette direktørar, disponentar, driftsingeniørar, departementsrådar, byråsjefar, dei øvste geistlege leiande militære, delar av intelligentsiaen osb.

Det mellomliggende skiktet er dei småborgarlege funksjonærane og tenestemannene. Det er lektorar, lærarar, sekretærar og konsulentar i staten, ingeniørar, teknikarar, lagare geistlege, sjukepleiarar, sosionomar, arkitektar osb.

Det lågaste skiktet av funksjonærane er ein del av proletariatet. Det gjeld slike som telefonistar, postbud, ekspeditorar, skrivemaskinoperatorar og andre »kontortraclar». Desse sel arbeidskrafta si og vert utbytta på line med andre proletarar, jamvel om mange av dei ikkje er produktive i vanleg tyding.

Den delen av funksjonærane som høyrer til borgarskapet er fiender av arbeidarklassen. Dei småborgarlege funksjonærane kan ein dela i tre, og i den nedste delen finst det store grupper som kan og vil alliere seg med proletariatet i kampen for den sosialistiske revolusjonen. Den øvste delen vil vere ein reserve for reaksjonen.

Det skjer ei utarmning og proletarisering av dei nedste laga av dei småborgarlege funksjonærane. Dei småborgarlege funksjonærane vil ha lett for å vake og verte paverka av borgarleg ideologi og synsmåtar. Dei proletariske delane av funksjonærane høyrer for det meste til dei ytste og dårlegaste organiserte delane av proletariatet.

l) Proletariatet

I all den tida det har vore klassar, har det og vore arbeidande klassar, og desse har for det meste vore fattige. Men det moderne proletariatet har ei heilt ny rolle i verdshistoria. Det er eit produkt av den moderne storindustrien. I denne industrien har proletariatet vorte organi-

sert, trent, herda og disciplinert. Det er bare denne klassen som er helt gjennom revolusjonært og det er berre denne klassen som kan gripe makta og skape ein sosialistisk stat – proletardiktaturet. Jamvel om denne staten vil stå seg på klassealliansen mellom proletariatet og småbøndene og dei arbeidande fiskarane, er makta i proletariatet sine hender. Samfunnet vil vera omforma i proletariatet sitt bilete. Den sosialistiske revolusjonen og førebuinga av det kommunistiske samfunnet er den historiske oppgåva for proletariatet.

I vår partilitteratur tyder proletariatet det same som den moderne arbeidarklassen.

Proletariatet kan ein dela i tre etter kor samla dei er, kvar dei står i høve til produksjonen og etter den politiske vekta dei har. Det er industriarbeiderproletariatet som er kjernen i klassen og den leiande krafta. Det vil seie arbeidarane i industri, gruver, bygg, anlegg og dei mest konseverte delane av transport. Dei kontorfunksjonærane som vi reknar til proletariatet hører til den mest perifere delen av proletariatet. Arbeidarane i småindustri, landarbeidarar osb. hører til dei mellomliggende laga av klassen. Desse skiljelinene er ikkje skarpe og dei endrar seg med utviklinga av den revolusjonære kampen.

m) Arbeidararistokratiet

Dette er ikkje nokon klasse, men eit korrumper skikt som er skapt av dei imperialistiske ekstraprofitene. Dels er det eit tynt skikt av arbeidarklassen som vert givne føremoner, slike som formenn, spesielle grupper av høgt lønna fagarbeidrarar osb. Desse folka hører til arbeidarklassen, men dei er eit sosialt grunnlag innanfor klassen for opportunismen.

For det andre er det heile apparatet av tilsette tillitsmenn i fagorsla. Fleirtalet av dei står i ein klassestilling som ein kan jamføra med dei småborgarlege funksjonærane, men dei er nærmere knytt til kapitalen. Dels er dei lona av verksemndene og dels er dei pliktibundne til å følgje kravet om klassesamarbeid i Hovudavtalen. Dei spelar ei aktiv politisk rolle for å sabotere klassekampen, jamvel om det finst einskilde unntak. Dei stor seg på dei mest høglonna delane av klassen og får ofte oppgåva å dele ut nokre smular til desse frå kapitalen.

Delar av dei tilsette i kommunalt byråkrati, i redaksjonar og organisasjoner knytt til «arbeidar»-organisasjonane må ein rekne til arbeidararistokratiet.

Toppem i arbeidararistokratiet er leiinga i DNA og LO, i dei kapitalistiske verksemndene deira, stortingsrepresentanter, ordførarar osb. Dei hører til borgarskapet.

Sjølv om arbeidararistokratiet er ei lita gruppe i samfunnet, er det ei viktig gruppe, avdi han hjelper kapitalen med å halda kapitalismen oppe og få det kapitalistiske diktaturet over arbeidarklassen til å vere lengre. Arbeidararistokratiet er det sosiale grunnlaget for opportunismen og revisionismen – ideologiske og politiske stemmeleier som står for borgarskapet sine interesser i arbeidarklassen.

n) Filleproletariatet

er eit rotnande skikt på botnen av samfunnet.

Det er ekstremt undertrykt og fattig og lever i ein sosial naud borgarskapet prøvar å loyne. Filleproletarane kjem frå fleire klassar. Ein del filleproletarar ligg nært proletariatet, har meir eller mindre jobb og noko større motstandskraft. Elles er filleproletariatet prega av motstandslyse og opprotning.

Delar av filleproletariatet er så demoralisert at dei kan nyttast av herskarklassen mot proletariatet. Men dei meir proletarisk prega av dei kan stå saman under leding av proletariatet og føre ein organisert kamp mot klasifienden.

11. HOVUDMOTSEIINGA OG OPPSTILLINGA AV KLASSEKREFTENE I NOREG

Klassemotseiningane spring fram av den grunnleggende motseininga i samfunnet. Sidan Noreg vart eit kapitalistisk samfunn, har denne grunnleggende motseininga vore motseininga mellom samfunnskarakteren åt produksjonen og den private karakteren åt eigedommen. Når det gjeld klassetilhøva, kjem denne motseininga fram i motseininga mellom borgarskapet og proletariatet.

Då kapitalismen gjekk over frå frikonkurransekapitalisme til imperialisme, skjedde det inga endring i klassenaturen til dei to klassane som står i grunnleggende motseining til kvarandre, proletariatet og borgarskapet. Det kapitalistiske vesenet ved samfunnet endra seg heller ikkje. Men motseininga mellom desse to klassane vart skarpare, motseininga mellom monopolistisk og ikkje-monopolistisk kapital oppsto, motseininga mellom kolonimaktene og koloniene vart skarpare og motseininga mellom dei kapitalistiske landa, som spring fram av den ujamne utviklinga deira, vart særleg skarp. Motseininga mellom borgarskapet og dei småborgarlege delane av bondene er og blitt mykje skarpare, og det har lagt eit fastare grunnlag for klassealliansen mellom arbeidarklassen og dei lågaste og også dei mellomliggende delane av dei småborgarlege bøndene. Med alt dette oppsto det eit nytt steg i kapitalismen, imperialismen.

A studere denne utviklinga er å studere det særeigne ved den grunnleggende motseininga i samfunnet til ei kvar tid. Det er oppgåva til det marxist-leninistiske partiet å greie rett ut om desse motseiningane og å reise en teori, strategi og taktikk for å løse dei rett i kvart land.

Hovudmotseininga i det norske samfunnet er motseininga mellom dei to klassane som står i motseining til kvarandre, proletariatet og borgarskapet. Dei andre motseiningane til ei kvar tid, som motseiningane mellom småborgarskapet på landsbygda og borgarskapet, mellom småborgarskapet på landsbygda og proletariatet, mellom ikkje-monopolistiske kapitalistar og monopolkapitalistar, mellom Noreg og andre imperialistmakter, mellom borgarleg-demokrati og fascismen, er alle saman styrt av denne motseininga og påverka av henne.

I høve til den sosialistiske revolusjonen delar samfunnet seg i to store læger, der proletariatet og borgarskapet er drivkrafta på kvar si side.

Borgarskapet er fienden til proletariatet.

Monopolkapitalen er den leiande delen i borgarskapet sitt læger. Borgarskapet står seg på arbeidararistokratiet og dei øvste delane av småborgarskapet.

Proletariatet på si side må stø seg på halvproletariatet, småbøndene og dei arbeidande fiskarane som sine viktigaste allierte. Det må og alliere seg med store delar av ungdomen under utdanning og dei lågare delane av dei funsjonærane som hører til småborgarskapet og progressive intellektuelle. Det er desse vi meiner med folket.

Mellom dei to hovuklassane vil det finnast vaklande grupper som i somme høve kan vinnaest for proletariatet og i somme høve kan nøytraliserast. Delar av dei kan og vinnaest for fienden.

12. DET NORSKE STATSAPPARATET

Sålenge det har vore klasseundertrykkjing i Noreg har utbyttarklassen hatt eit statsapparat til å halde massane nede med. Staten vokst ut frå våpenmakta, og til alle tider har våpenmakta vore kjernen i statsapparatet.

I dag er det norske statsapparatet og ein reiskap i hendene på den herskande klassen til å undertrykkje arbeidarklassen og folket og halde det kapitalistiske klassediktaturet oppe. No som tidlegare er kjernen i staten valdsapparatet, militærret, halvmilitære styrkar og politiet.

I imperialismen sin tidfolk har borgarskapet eit større militærapparat og fleire våpen enn nokon gong tidlegare til å slå ned oppreistar og revolusjonar. Det norske borgarskapet har og gong på gong nyttat valdsmakta mot arbeidarklassen, og det jamvel mot meir avgrensa arbeidarkampar enn ein sosialistisk revolusjon. Thrane-rørla og sameoppreisten i førre hundreåret vart knekte med valdsmakt. Dei første fagforeiningane og streikane vart og møtte med soldatar og politi. I vårt hundreår er det talrike døme på valdeleg undertrykkjing frå borgarstaten si side. Det vart sett inn marinesoldater mot sjømannsstreika i Hammerfest i 1921, og politi og marinefartyr vart sende mot Hydroarbeidarane på Menstad i 1931. Politiet har verna streikebrytarar både føre krigen og i 1970-åra. Dei væpna styrkane og andre delar av det borgarlege statsapparatet driv regelbundne øvingar i kørleis arbeidaroppreistar skal knusast.

Dei væpna styrkane til borgarskapet er ikkje retta inn på å verne den nasjonale sjørvæddretten. Ved sida av at dei skal underkue det arbeidande folket er dei og ein lekk i kamper USA-imperialismen fører med sosialimperialismen om hegemoniet i verda.

Det norske lovverket er og eit vern om borgarskapet sine interesser. Grunnloven, straffeloven, unnatakslovane osb. er uttrykk for borgarskapet sitt diktatur. Politi og domstolar er sette til å bruke desse lovane mot arbeidarklassen og det arbeidande folket. Sambandet mellom den militære og sivile delen av statsapparatet er nært. I borgarskapet sin strategi skal alle desse delane av staten virka som ein maskin i lag med delar av pressa osb. for å

hindra ein arbeiaroppreist.

Dei siste femti åra har staten fått ei heilt ny oppgåve som felleskapitalist.

Staten er ein aukande *marknad* for den private kapitalen. Det gjeld anlegg, varer, militært utstyr o.a. Staten tek over verksemder og jamvel sektorar som ikkje kan gie dei private kapitalistane nok profit. Staten grip inn med *stønad* for å tryggja dei monopolistiske verksemderne. Han kjøper og sel aksjar og verksemder slik at dei private kapitalistane aukar sin profit. Staten går inn aktivt meir og meir i dei kapital-krevjande prosjekta og blir ein verkeleg felleskapitalist. Staten styrkar monopoliseringa ved å skipe samanslutninga av dei største private monopola. Dei store organisasjonane og dei borgarlege partia av ulik type vert knytta meir og meir til staten, medan det vert kalla »demokratisering». Staten er ein reiskap for borgarskapet, men han ligg i hendene på den monopolistiske delen av borgarskapet. Han uttrykker dei sams interesser til denne delen. Difor vil han stundom kome i motsetnad til den eine og andre monopolgruppa, og dei ulike monopolgruppene vil kjempe om kven av dei som skal ha den største makt i staten.

Staten spelar ei stor ideologisk og politisk rolle. Han dikterer borgarskapet sin politikk og ideologi som rettesnor for heile utdanningsverket. Staten har monopol på kringkastinga og nyttar det til å kjempe mot arbeidarklassen og dei revolusjonære.

Dei borgarlege partia og avisene er avhengige av statlege økonomiske middel. Alle parti utanom AKP(m-l) lever av statspengar.

Under kapitalismen vil det alltid vera borgardiktatur. Men borgardiktaturet kan ta to ulike former. Så lenge mакta til monopolborgarskapet ikkje er truga, vil det helst underkue det arbeidande folket med den borgarleg-demokratiske forma for borgardiktaturet. Så snart den politiske og økonomiske krisa var utvikla seg så langt at borgardiktaturet vert truga, vil den opne terroristiske forma for diktatur – fascismen – bli nyttå. Under den borgarleg-demokratiske forma for diktaturet driv borgarskapet førebuing i dulsmål for overgangen til fascismen.

Arbeidarklassen og AKP(m-l) og alle demokratiske menneske må slåst mot all utvikling i lei av fascismen og verje dei borgarleg-demokratiske rettane.

Dei parlamentariske organa, stortinget og kommunestyrene, har inga verkeleg makt. Dei er sette til å strø sand på dei avgjerdene kapitalen eller staten tek. Men av di dei er folkevalde og folk har illusjonar om dei, er dei ein viktig lekk i det borgarlege diktaturet – for borgarskapet. Desse organa kan berre nyttast som talarstolar om kommunister vert valde inn i dei. Partiet må aldri gi folk illusjonar om at dei kan oppnå noko gjennom desse borgarlege kasse underkuingsorgana.

13. PARTISYSTEMET I NOREG

Partia i Noreg gjev uttrykk for at dei står for ulike klassar. Men alle partia utanom AKP(m-l) ber fram klasseinteressene til borgarskapet, og i første hand det monopolistiske borgarskapet. Dei hjelper på ulikt vis til med å halde kapitalismen oppe. Dei kjempar alle saman mot revolusjonen og spreie borgarleg ideologi. Skilnadene ligg i kva klasser dei vender seg til for å hente røyster i val, og samansetjinga av kaderen deira. Men dei representerer korkje dei klassane dei vender seg til eller dei klassane dei rekrutterer frå, dels med unnatak av Høyre, som ope vedgår at det er borgarskapet sitt parti.

Det parlamentariske partisystemet er eit system som er utvikla i detalj for å føre arbeidarklassen og det arbeidande folket bak lyset. Aller viktigast er dei borgarlege arbeidarpertia. Borgarskapet kunne ikkje halde diktaturet sitt oppe utan desse partia. I periodar med framgang for dei revolusjonære kretene er det jamvel naudsynt for borgarskapet å ha borgarlege parti som kallar seg »marsistiske», »revolusjonære» osb., for å prøve å hindre at arbeidarklassen i stor mon sluttar opp om det partiet som representerer klassens verkelege interesser, **A r b e id e r n e s K o m m u n i s t p a r t i** (marxit-leninistane).

IV KAMPEN MOT OPPORTUNISMEN

14. KLASSEKARAKTEREN I OPPORTUNISMEN

Marxismen har alltid utvikla seg i strid mot opportunismen.

Opportunismen i arbeidarrørla har eksistert så lenge kapitalismen har eksistert. Opportunismen er uttrykk for borgarskapet sine interesser. Den maskerer seg i raud kledebunad for å svindle proletariet og dei arbeidande massane og føre kampen deira inn på avvegar. Opportunismen er eit straumdrag *nhanfor* arbeidarrørla og arbeidarklassen, som har til mål å fjerne *alt revolusjonert innhald* og *alle revolusjonære kampmetodar* fra arbeidarrørla, og setja klassesamarbeid og borgarlege arbeidsmetodar og innhald i staden.

Reformismen er ein uskiljeleg del av all opportunisme. A måle borgarlege diktaturet i vake fargar og å spreie propaganda om at arbeidarklassen kan »nå fram» *utan* å ta den politiske makta gjennom den sosialistiske revolusjonen bygd på proletariatet si eiga våpenmakt, er typisk for opportunismen.

Opportunismen og dei revisionistiske variantane av han, er produkt av *kapitalismen og imperialismen*. Lenin strekar under at det imperialistiske borgarskapet i roynda ikkje kan herske *utan* å stø seg på opportunismen:

»Borgarskapet treng lakeiar som ein lut av arbeidarklassen kan tru på, og som vil måle borgarskapet i fine fargar med prat om at det er mogleg med den reformistiske vegen, som vil kaste stov i augo på folket med dette pratet, som vil skilje folket fra revolusjonen.»

Framvoksteren av monopolkapitalismen og imperialismen har sett borgarskapet i alle dei kapitalistiske, industrialiserte landa i stand til å mutte eit tynt skikt innanfor arbeidarklassen ved hjelp av dei imperialistiske superprofittane.

Dette *arbeidararistokratiet*, som Lenin kallar det, er tett knytt til det imperialistiske borgarskapet. Det fremste skikket av arbeidararistokratiet er byråkratane og pampane i fagrørla, byråkratane i dei opportunistiske partiapparatene, dei borgarlege »arbeidar»-politikarane i parlamanta, offentlege kommitear, utval osb. Arbeidararistokratiet er *berarane* av opportunismen og revisionismen i arbeidarrørla.

Opportunismen organiserar seg, som alt Engels synt, i borgarlege »arbeidar»-parti. I og med at det imperialistiske verdssystemet vokser fram, vart borgarlege »arbeidar»-parti typiske for alle imperialistiske land: »Nå er eit borgarleg »arbeidarparti» ikkje til å kome utanom og typisk i alle imperialistiske land», seier Lenin.

Opportunismen er ikkje på noka vis del av den revolusjonære arbeidarrørla. Han er inga sozialistisk kraft. Tvert om er han ein politisk reiskap for borgarskapet. Opportunismen i alle hans avleter, dei borgarlege »arbeidarpertia» og dei falske »arbeidar»-leiarane er i roynda: »fendar for proletariatet som klasse, dei ei tenarane, agentane til borgaßkapet og reiskapar for makta det har», seier Lenin.

Revisionismen er i røynda ikkje noko anna enn ein særskild variant av opportunismen, eit kontra-revolusjonært, reformistisk straumdrag som maskerer seg som »marxitisk», og i vår tid jamvel »leninistisk». At revisionismen står fram som »marxitisk» og »leninistisk» er ikkje merkeleg. Tvert om *treng* borgarskapet ein reidskap som kan sabotere den revolusjonære arbeidarrørla innanfrå. Lenin forklarer dette slik: »Kvar helst marxismen er populær hjå massane, vil dette politiske straumdraget, dette borgarlege »arbeidarpartiet», sveje ved namnet til Marx. Ein kan ikkje forby det å gjøre dette, nett som

ein ikkje kan forby eit handelsfirma å nytte kva som helst slag merke, teikn eller reklameskilt. Det har alltid vore tilfelle i historia at når revolusjonære leiarar som var populære i dei underkua klassane er døde, då har fiendane deira freista å eigne til seg namna deira for å narre dei underkua klassane». *Revisionismen* i si gamle form voks fram på slutten av førre hundreåret. Jamnsides voks det fram *opne, anti-marxistiske, sosialdemokratiske* retningar. Desse to hovudstraumdraga innanfor opportunitismen, tok makta i dei europeiske, klassiske arbeidarklaspartia som var sameinte i Den 2. internasjonalen, og gjorde dei om til borgarlege »arbeidar»-parti.

Den første imperialistiske verdskrigen i 1914 berra den reaksjonære, imperialistiske karakteren til desse partia. Då kriga bratt ut, støtta opportunitistleiarane i partia i Den 2. internasjonalen kvart sitt borgarskap og arbeidde i lag med dei for å gjere arbeidarklassen til kanonføde i den urettvise nyoppdelingskrigen mellom imperialistmaktene. Dermed synte opportunitismen og revisionismen den nakne sosialsjävistiske og sosialimperialistiske karakteren sin.

Dei sosialdemokratiske opportunistpartia har utvikla seg til regjering eller som parlamentarisk opposisjon. Dei var førarar i kampen mot den kommunistiske verdsrørsla i mellomkrigstida, kjempa for å sverte det socialistiske Sovjetsamveldet under leiing av Lenin og Stalin, og sto etterkvart fram som ope anti-marxistiske parti. Etter den andre verdskrigen har dei fått ein dobbelt karakter: Dei er agentur for borgarskapet og deira imperialistiske ambisjonar i arbeidarklassen i sine land, og samstundes agentur for den aggressive imperialistiske supermakta USA. Så lenge Stalin levde, var dei strategane for borgarskapet i vesten i kampanjen dei ført for å ringe inn det socialistiske Sovjet, førebu krig mot det og sverte og illegalisere kommunistpartia og alle progressive i sine land.

Sambanda mellom dei sosialdemokratiske partia i Noarden, Vest-Europa og andre verdsdelar er samband mellom regjeringspolitikarane og dei borgarlege opposisjonspolitikarane til monopolkapitalen og imperialismen i desse landa og dimed mellom dei strategiske fiendane til arbeidarklassen og folket i desse landa. Arbeidarklassen i alle land må avvise alle vedtak og føresegner som kjem frå slike parti og frå møte og konferansar mellom dei og nekte dei all autoritet i arbeidarrørsla.

Den moderne revisionismen går i dei same fotefara som den gamle revisionismen. Men han har og viktige særdrag: Han kallar seg »marxist-leninistisk», og han har *makta* i ei imperialistisk supermakt, Sovjet. Dette gjer den moderne revisionismen enda färlegare for arbeidarklassen og folket enn den gamle revisionismen var.

Den moderne revisionismen voks fram under og etter den andre verdskrigen. Føregangsmennene var først Browder i USA, så Tito i Jugoslavia, og endeleg Khrusjtsjov i Sovjet.

I utgangspunktet var det kapitulasjon for USA-imperialismen, støtte til han og støtte til det monopolkapitalistiske diktaturet i kvart land som særmerkte han.

Etter at Sovjetunionens Kommunistiske parti vart vunne av revisionistane kring Khrusjtsjov, fekk dei partia som følgte SUKP ein ny karak-

ter. På den eine sida er dei som sosialdemokratiet agentur for borgarskapet i arbeidarrørsla. På den andre sida er dei i dag opne agentur for den aggressive sovjetiske sosialimperialismen. I verdsrålestokk gjer dette den moderne revisionismen jamvel til ei *militær* hovedstøtte for det imperialistiske verdsystemet mot arbeidarklassen og folkta.

Dei moderne-revisionistiske partia spreier systematisk illusjonane om »fredeleg, parlamentarisk overgang til sosialismen». Dei saboterer systematisk klassekampen og oppmodar arbeidarklassen og dei arbeidande massane til klassesamarbeid og underkasting under borgarskapet.

Samstundes spreier dei den falske propagandaen om at »Sovjet er socialistisk», at »Sovjet driv ein konsekvent fredspolitikk» og at »folka i verda kan berre frigjere seg ved å sto seg på Sovjet». På same tid som dei målar imperialismen i vene fargar og systematisk spreier den imperialistiske pasifismen og talar om frigjering frå imperialismen, står dei ope den militære aggressjonen til Sovjet og den sovjetiske striden for interessesfærer.

Framhaldet av lina dei mest konsoliderte moderne revisionistane følger i dag, vil bli femtekonneverksmed og quislingteneste for den sovjetiske sosialimperialismen i tilfelle krig og okupasjon frå supermakta Sovjet.

Revisionistpartia i verda har i dag berre *namnet* att av kommunismen og marxismeleninismen. Dei representerer ikkje på noko vis ei kommunistisk verdsrørsle, men er ei rørsle av agentur for monopolborgarskapet i kvart land, for det imperialistiske verdssystemet og i sær for det sosialimperialistiske Sovjet. AKP(m-l) avviser alt hopehav med desse partia, og ser kampen mot dei som ei internasjonal plikt overfor proletariatet, dei underkua folka og nasjonane og dei sosialistiske landa i heile verda.

Oppunitismen, revisionismen og dei borgarlege »arbeidar»-partia i Noreg i dag, syner dei same grunndraga som Lenin påviste, når det gjeld *klassekarakter* og *klassegrunnlag*. Det ope reformistiske DNA og dei moderne revisionistiske partia SV og NKP er borgarlege »arbeidar»-parti. Dei er parti for monopolkapitalen og borgarskapet i arbeidarrørsla og klassen, og agentur for imperialismen og sosialimperialismen.

15. SOSIALEDEMOKRATIET I NOREG

Skipinga av DNA på slutten av førre hundreåret, var eit uttrykk for at det norske proletariatet organiserte seg som *klasse*.

Fra første stund sto det strid om lina i partiet. Det romja såvel opportunistiske som revolusjonære straumdrag. Denne striden ført til at DNA definitivt vart arbeidarklassen sitt parti. Partiet vart eit revolusjonært arbeidarkarti, og slutta seg til den Kommunistiske Internasjonalen (Komintern) i 1920.

Men opportunitismen hadde framleis sterke stillinger i partiet. *Revisionismen*, av den typen som hadde teke makta i fleire av partia i den 2. internasjonalen, gjekk til åtak på utviklinga

og konsolideringa av det revolusjonære grunnlaget i partiet. Renegatar som Martin Tranmæl sto i brodden for å få partiet å forfalle til eit borgarleg »arbeidar»-parti, under dekke av å vere »marxistar» og »revolusjonære».

Ved sida av den revisionistiske tendensen, fanst det og ein open sosialdemokratisk, anti-marxistisk tenden. Ein del av denne vart ståande i partiet, og allierte seg med revisionismen for å trygge makta å borgarskapet i partiet. Ein annan del av han gjekk ut av partiet og skipa det ope reformistiske klasesamarbeids-partiet »Norges sosialdemokratiske arbeiderparti» i 1920.

Då den mellombels stabiliseringa av kapitalismen sette inn i 20-åra, nytta agentane for borgarskapet høve til å gripe makta i DNA og gjøre det til eit borgarleg »arbeidar»-parti, eit parti som i »sosialismen» og jamvel »marxismen» sitt namn ført fram borgarskapet sin politikk i arbeidarrørsla. Det tala vent om Stortinget og det borgarlege diktaturet og strei for å lekkje arbeidarklassen i klasesamarbeid og kapitulasjon.

Opportunistane braut partiet laus frå Komintern og den internasjonale revolusjonære rørsla i 1923. Dette førte til at mindretallet braut ut og skipa Norges Kommunistiske Parti.

I 1927 samla det opportunistiske og revisionistiske DNA seg med det ope, anti-marxistiske opportunistpartiet. I innhaldet var det ikkje noko skilje lenger. Til saman var dei ei reaksjoner, reformistisk og borgarleg retning. Men sidan marxismen var populær og ønsket om revolusjon var stort i den norske arbeidarklassen, heldt det sameinte opportunistpartiet fram med å kalla seg »marxistisk» til langt inn på 30-talet.

Etter 1923 har DNA vore den *sosiale hovudstøtta* for borgarskapet sitt diktatur og kapitalismen i Noreg. Særsviktig er det at partiet har hatt, og har, makta over apparatet i LO. Denne makta har dei nytta til å byråkratisere fagrørsla, svinebinde henne til klasesamarbeidslinja og konsekvent sabotere og undergrave arbeidarklassen sin kamp.

Sidan 1935 har DNA det meste av tida forma borgarskapet si *regjering* i Noreg, og har såleis stått i brodden for interessene til det norske, imperialistiske borgarskapet og utbyttinga av proletariatet og dei arbeidande massane.

I 1940–45 då Noreg vart okkupert av den tyske nazismen, allierte DNA seg med den engelske og amerikanske imperialismen. Samstundes oppmoda det til »ordningar» med okkupasjonsmakta for å trygge profitane til storindustrien.

I samband med kampen mot den tyske okkupasjonsmakta oppmoda DNA det norske folket til passivitet og til å avstå frå væpna motstand. Det propaganderte at krigen måtte førast av våre »allierte».

Etter krigen hadde sosialdemokratiet fjerna einkvar formell tilknyting til »marxismen», og gjekk i brodden for å knytte Noreg til USA-imperialismen politisk, økonomisk og militært.

Det *sosiale grunnlaget* for DNA og sosialdemokratiet er arbeidaristokratiet og byråkratkapitalistane i staten og det byråkratkapita-

listiske monopolet leiinga i DNA sjøl eig (Kooperasjonen, A-pressa, bankar og trygdedelag). Partiet vert i dag leia av byråkratkapitalistar som kjempar endeframt mot arbeidarklassen sine interesser, og som ikkje skyr noko tiltak for å kneble det faglege demokratiet og knekkje kampviljen i arbeidarklassen.

Ved hjelp av systematisk sosialdemagogi arbeider DNA/LO-toppen for å svindle arbeidarklassen, og for å *køyve* proletariatet og det arbeidande folket gjennom å setje ulike grupper opp mot kvarandre.

Sosialdemokratiet arbeider systematisk for å velte børene av krisene i kapitalismen over på arbeidsfolk. Ikke noko anna parti kunne gjøre dette så effektivt for monopolkapitalen som nett DNA.

DNA er eit tvers gjennom *imperialistisk* parti. Det har vore eit bolverk for interessene åt USA-imperialismen i Noreg, og romar jamvel straumdrag som er positive til sosialimperialismen.

DNA/LO-leiinga er ein pådrivar for utviklinga av den statsmonopolistiske kapitalismen i Noreg. Dette heng mellom anna saman med at dei sjølv har leiinga innanfor denne delen av monopolkapitalen i Noreg.

DNA/LO-leiinga er sjølv *ein del av herskar-klassen* i Noreg. Som parti er DNA ein reiskap for monopolkapitalen i den norske arbeidarklassen, og *hovudgarantist* for borgarskapet sitt diktatur i den formen det har no. Arbeidaristokratiet, heile skikket av borgarleggjorde byråkratar og pampar i LO-apparatet, i storting- og kommunestyre, i den borgarlege »arbeidar»-pressa, løna byråkratar i partiapparatet, i statsmonopolet osb., er grunnmuren i dette borgarlege »arbeidar»partiet.

Denne *shären* av tenrar for borgarskapet er *eit tynt skikt* sett i høve til proletariatet som heile. Men det er eit *politisk* skadegjør særslig skikt. Interessene deira og privilegia deira er seinverges knyttet til kapitalismen og imperialismen. På ny og på ny vil dette skikket avle opportunisme og representere borgarskapet sine interesser i arbeidarklassen.

Men sosialdemokratiet er i røynda inne i ei årsmann krisa, som mellom anna er eit resultat av skjerpinga av den årmenne krisa i kapitalismen og imperialismen.

Dei misser stadig grepet på bygdene, på store delar av ungdomen og ei veksande gruppe av militante arbeidrarar. På lang sikt peikar dette i retning av at sosialdemokratiet vil minke inn til ein mindretalsretning i arbeidarklassen, og det er og eit vilkår for at den sosialistiske revolusjonen skal kunne vinne siger. På hi sida gjer sosialdemokratiet hard motstand. Dei nytta alle maktmiddel og har lange røynsler i å setje arbeidsfolk opp mot kvarandre.

AKP(m-l) vil føre ein hard og ubøyleg kamp mot sosialdemokratiet, avsløre dei sosialdemokratiske leiarane og den borgarlege politikken deira, kjempe for å bryte laus massane som er under påverknad av dette borgarlege »arbeidar»partiet og vinne dei for den revolusjonære rørsla.

16. DEN MODERNE REVISJONISMEN

Den moderne revisionismen i Noreg er ein del av den internasjonale, moderne-revisjonistiske rørsla med Moskva-revisjonismen som sentrum.

Den moderne revisionismen i Noreg syner same mønsteret i framvoksteren sin som er typisk *internasjonalt*. Men han har og historiske og aktuelle særdrag som må fram. Liksom i andre land oppsto den moderne revisionismen i Noreg som ein borgarleg opposisjon i NKP. Det fanst sterke gamalrevisionistiske mindretalsstraudrag i NKP heilt frå byrjinga. Men i tjue- og tretti-åra vart dei hindra i å gripe makta i partiet. NKP hadde i royna eit for veikt indre vern mot revisionismen, og kan takke Komintern for mykje korrigering i denne perioden.

NKP syntte si veike evne til eigen, marxist-leninistisk analyse i 1940, ved å vrangje den rette tesen om den urettvise imperialistiske krigen til ein tese om at det norske folket ikkje skulle føre væpna strid mot naziokkupantane. Dette la initiativet i hendene på det tyske og det norske borgarskapet, og la grunnlaget for at den revisionistiske klikket til Furubotn kunne ta makta i partiet eit år seinare.

Furubotn sto for ei borgarleg, nasjonalistisk line, samstundes som det store fleirtalet av kommunistane ønskte å slåst mot nazismen og ført ein heltemodig kamp.

I sær etter at Nazi-Tyskland gjekk til åtak på det sozialistiske Sovjet, vart den imperialistiske verdskrigen gjort om til ein verdsomfemnande krig mot fascismen, med Sovjet som leiar og partisanstyrkane og folkehærane som folk bygde opp som hovudstyrkar. Dette tvang dei anti-nazistiske imperialistmaktene og borgarskapet i dei okkuperte landa til å vise ein viss motstand mot nazistane og ført dei inn i fronten som vaklande høgrekrefter i mellombels allianse med folk som stridde mot den tyske og japanske fascismen.

På dette grunnlaget spelte den borgarleg-nasjonalistiske lina til Furubotn ei viss progressiv rolle i kampen mot dei tyske nazistane. Men samstundes sto denne lina som eit aktivt hinder for å utvikle den nasjonale motstandskampen til ein nasjonal-revolusjonær folkekrieg, for å skape ein folkehær som kunne setjast mot borgarskapet sin hær og dermed skape grunnlaget for ein sozialistisk revolusjon gjennom krigen og sigeren.

Den borgarleg-nasjonalistiske lina til Furubotn sette etterreisinga av eit borgarleg-demokratisk diktatur av det norske borgarskapet som einaste målet for motstandskampen, og avvæpna difor alle kimar til væpna arbeidaravdelingar etter freden. Når NKP tok del i den borgarlege samlingsregjeringa i 1945 og stilte seg bak det sozialdemagogiske etterreisingsprogrammet til DNA etter krigen, er dette ein konsekvens av den borgarlege lina NKP sto for under Furubotn under krigen.

Frå 1945 utvikla Furubotn ei moderne-revisjonistisk line etter mønster av den Tito-trumfa gjennom i Jugoslavia. *Kominform* søkte å berge NKP ved å giere oppaket til eit oppgjør med furubotnismen i 1949. Men grunnlaget i partiet var altfor veikt til at det kunne lukkast i å konsolidere ei verkeleg kommunistisk line. I staden vart det slik at ein tendens dekte ein annan, og at det kom nye revisionistar til makta

i staden for dei gamle. Provet på dette er NKP-programmet frå 1953. Dette er eit tvers gjennom revisjonistisk dokument, som programfestar krustsjovistisk revisionisme tre år før Khrusjtsjov driv gjennom det same i SUKP.

Kløyvinga av den kommunistiske verdsrørsla kom ope til uttrykk på førstninga av 60-talet. Då ga NKP inntrykk av å vere »sentristar». Dette var ein konseksjon til ærlege kommunistar på grunnplanet. Men i royna ga leiinga full stønad til Khrusjtsjov, og gjekk mot den marxist-leninistiske kritikken KKP og APA retta mot Khrusjtsjov og den moderne revisionismen.

I Noreg la partiet totalt ned klassestriden og utvikla seg til eit ope haleheng til sozialdemokratiet i fagrørsla og politikken elles.

NKP har heile tida sidan revisionismen signa i partiet, vore ride av kløyvingar og kamper. Desse har for det meste vore kampar mellom ulike, borgarlege og revisionistiske klikkar.

NKP er eit konsolidert, moderne revisionistisk Moskva-parti. Under dekke av å vere »marxist-leninistisk» og »revolusjonært», fører det fram ein konsekvent borgarleg og kontrarevolusjonær politikk i arbeidarklassen. Partiet er såleis eit moderne-revisjonistisk borgarleg »arbeidar»-parti og eit agentur for monopolkapitalist sine interesser i arbeidarrørsla og arbeidarklassen.

NKP gjev hjarteleg stønad til den sovjetiske sozialimperialismen og freister å overtyde den norske arbeidarklassen om at det fascistiske diktaturet i Sovjet har noko med sozialisme å gjøre. NKP er eit hundrepresent lojal agentur for sozialimperialismen i Noreg.

NKP sminkar kapitalismen og det borgarlege diktaturet i Noreg på alle vis. Det spreier systematisk ideen om at arbeidarklassen gjennom val »kan få fleirtal i Stortinget, og gjennomføre sozialismen på fredeleg vis».

Dei har fremja den range, borgarlege teorien om at »revolusjonen i Noreg må gå gjennom eit anti-monopolistisk stadium». I følge NKP vil dette seie at ein »anti-monopolistisk front» kan føre ein »målmedveten strid for demokratiske reformer», vinne flerital i val og skipe »ei anti-monopolistisk, demokratisk regjering».

I den »anti-monopolistiske» fronten NKP pratar om, reknar dei med opne, borgarlege parti og store delar av *borgarskapet* i Noreg.

Det andre moderne-revisjonistiske partiet i Noreg er SV. Liksom NKP er dette partiet eit revisionistisk, borgarleg »arbeidar»-parti. Det spreier systematisk illusjonar om borgarskapet og det borgarleg-demokratiske diktaturet i Noreg. Dei propaganderer lina om »fredeleg og parlamentarisk veg til sozialismen». Liksom NKP propaganderer SV at Sovjet er »sozialistisk», og stor sozialimperialismen politisk. Førebels er likevel ikkje SV like sterkt knytta til Sovjet som NKP.

Dei moderne revisionistiske partia er konsekvente verjer og pådrivarar for *statsmonopolkapitalismen*. I royna er det slik at når dei moderne revisionistane snakkar om »sozialisme», meiner dei *statskapitalisme*. Dei moderne revisionistane er såleis kontra-revolusjonære i strategien.

Men dei moderne revisionistiske partia er like eins *sabotørar av dagskampen* som arbeidarklassen og dei arbeidande massane fører. Dei stør klassearbeidslina i fagrørla og på arbeidsplassane, dei går mot streikar og aksjonar og allierer seg med sosialdemokratiet mot arbeidarklassen sin kamp. Dei skamroser arbeidararistokratiet og det faglege byråkratiet.

Kommunistane avviser teorien om at den moderne revisionismen er ein »småborgarleg» retning som uttrykkjer »småborgarskapet» sine interesser. Slike teoriar har som mål å dekkje til klassekarakteren til den moderne revisionismen og dei moderne revisionistiske partia.

Dei moderne revisionistiske partia er *borgarlege* »arbeidarparti». Dei er agentur for monopolkapitalen og borgarskapet i arbeidarrørla, og samstundes agentur for den sovjetiske sosialimperialismen. Det viktigaste sosiale grunnlaget for dei moderne revisionistiske partia er, liksom for sosialdemokratiet, arbeidararistokratiet.

Leiinga i desse partia har røter i og vert dominert av statsfinansierte byråkratar, borgarlege parlamentarikarar, pampar med statlege og kommunale bein og pampar frå det faglege byråkratiet.

Kommunistane må føre ein lang og hard kamp mot den moderne revisionismen på alle omkverve, og tolmodig avdekkje revisionismen sin karakter for arbeidarklassen. Kommunistane må kjempe hardt og tolmodig for å isolere dei revisionistiske leiarane frå medlemmer og sympatisørar som kan vinnast for klassekampen og revolusjonen. Det er *nauksynt* å isolere og nedkjempe dei moderne revisionistiske partia og leiarane for at arbeidarklassen skal kunne vinne siger i den sosialistiske revolusjonen.

Men den moderne revisionismen er ikkje berre ein reiskap for klassefienden i den ytre klassestriden. Han er jamvel eit hovudtrugsmål mot det revolusjonære, marxist-leninistiske grunnlaget til det kommunistiske partiet, *innanfor* partiet. Presset frå borgarleg ideologi og politikk utanfrå vil alltid verke gjennom veikskaper og borgarleg slagg som finst i det kommunistiske partiet. Kommunistane må såleis føre skarp, ideologisk og politisk kamp mot alle overingar av moderne revisionisme innanfor partirekkjene for å hindre at revisionismen og borgarskapet tek makta i proletariatet sitt parti.

17. ANDRE OPPORTUNISTISKE RETNINGAR

Opportunismen oppstår på ny og på under kapitalismen og imperialismen, og ovrar seg i ein rad former. Det veks stadig fram revisionistiske tendensar som skil seg frå den moderne revisionismen på overflata. Likeeins finst det opportunistiske tendensar som ikkje er moderne-revisionistiske. Desse opportunistiske straumdraget delar seg i to hovudgrupper, liksom sosialdemokratiet og den moderne revisionismen gjer det: Opne, uttalte *anti-marxistiske* straumdrag, og variantar av opportunismen som hevdar dei står på »marxismen», »leninismen» og jamvel »Mao Tsetungs tenking».

Desse formene for opportunisme skiftar ofte

raskt, går under og veks fram i nye former osb. Dei organiserer seg i eigne smågrupper, eller finst som straumdrag innanfor dei borgarlege »arbeidarparti».

Det er typisk for slike straumdrag at dei over sikt anten fell over til den *opne reformismen* eller mot den *moderne revisionismen*.

Klasseinnehaldet i ideologien og politikken for slike former for opportunisme er *borgarleg, reformistisk* og *reaksjonært*. Som oftest veks slike former for opportunisme fram i intellektuelle skikt, og funksjonen deira er å hindre progressive intellektuelle i å slutte seg til og stille seg under leiing av den revolusjonære, kommunistiske arbeidarrørla.

a) Trotskismen

Denne retninga oppsto historisk som ein borgarleg opposisjon i det *sosialistiske Sovjet* i mellomkrigstida. Trotskismen har sidan den tida i hovudsak hatt røtene sine i borgarlege og småborgarlege, intellektuelle skikt. Trotskismen seier seg å »kritisere» kommunismen frå »venstre». Men det er ikkje noko »venstre» ved trotskismen. Dette straumdraget er i rovnda utprega høgreopportunistisk og djupt *reformistisk*.

Trotskismen sit hovudåtak mot marxismeleninismen og kommunismen tek form av åtak mot »stalinismen» og det tidlegare sosialistiske Sovjet under leiing av Stalin og SUKP(b). På dette punktet føl trotskismen *saman* med kampanjen til Khrusjtsjov og den moderne revisionismen for å sverte Stalin, etter den borgarlege kontrarevolusjonen i Sovjet.

På denne bakgrunnen verjar trotskismen i dag *sosialimperialismen*, forsvarer den sovjetiske ekspansjonismen og stiller seg mot kampen mot sosialimperialismen. Samstundes fremjar dei ein *prinsipplaus* »kritikk» av Sovjet. Denne går ut på at landet slett ikkje er *kapitalistisk* og *imperialistisk*, men ein »degenerert arbeidarstat». Slik søker trotskismen å fange opp utvikla, spontan misnøye med sosialimperialismen, og forsoner han med sosialimperialismen i *praksis*.

Trotskismen er *reformistisk*. Han hevdar at vegen til »sosialismen» går gjennom såkalla »overgangskrav», som skal føre det kapitalistiske systemet i »krise» og mogne vilkåra for å skipe ei »arbeidarregjering». Det trotskistiske »overgangsprogrammet» er identisk med den reformistiske og revisionistiske teorien om »strukturreformar». Denne »teorien» står direkte i motstrid til marxismen-leninismen, som sleg fast at vilkåret for at arbeidarklassen skal sigre i revolusjonen er at den er væpna og styrtar borgarskapet gjennom ein væpna, sosialistisk revolusjon.

Trotskismen er *kapitulasjonistisk* og hevdar at »sosialismen» berre kan sigre ved revolusjonar i alle dei framskredne, kapitalistiske landa samstundes». Denne lina heng saman med at trotskismen har revidert Lenin si tese om den *ujamne utviklinga* av imperialismen.

Trotskismen rettar seg mot den proletariske verdsrevolusjonen. Dei svertar den *nydemokratiske*, anti-imperialistiske revolusjonen i den tredje verda, av di han ikkje er »sosialistisk». Trotskismen er grunnleggjande *pro-imperialistisk* og anti-leninistisk. Trotskismen har ei særsvart historie når det gjeld sabotasje av kampen

mot imperialismen.

Under den 2. verdskrigens oppmoda trotskistane folka i Europa til *ikkje* å reise seg til revolusjonær krig mot den tyske nazismen. I dag står dei krigs- og aggressjonspolitikken som *sosialimperialismen* driv.

Dette gjer trotskismen til ein *avart* av og ein »tvillingbror» til den moderne revisionismen.

b) Andre moderne-revisjonistiske straumdrag

Det finst og andre avarter av den moderne revisionismen, i og utanfor dei moderne revisionistiske partia. Sams for desse tendensane er at dei på ulikt vis står sosialimperialismen og revisionismen.

I 1976 tek desse straumdraga form av »KAG»-fraksjonen i SV. Dei står ope Sovjet og *sosialimperialismen*. I den norske klassekampen står dei for allianse med sosialdemokratiet og knefall for arbeidararistokratiet og klassesam arbeidslina.

Ein annan moderne-revisjonistisk variant i 1976 er »KAF»/»KUL», som jamvel hevda å stå på »Mao Tsetung si tenking». Denne gruppa fell snøggt over mot den opne, moderne revisjonismen. Den nekta å reise kampen mot sosialimperialismen, og krigs- og aggressjonspolitikken til dei til imperialistiske supermaktene. Framståande krefter innanfor denne gruppa har jamvel avvist at Sovjet er imperialistisk, og har støttet sosialimperialismen *ope*.

Eit karakteristisk trekk ved denne gruppa er *økonomismen*. Ho propaganderer flittig ideen om at arbeidarklassen kan »streike seg til sosialismen» og ho går mot at proletariatet reiser kamp for *demokratiske krav*.

Mot den marxist-leninistiske lina om at småbøndene og fiskarane er faste allierte til arbeidarklassen i kampen mot monopolkapitalen og for den socialistiske revolusjonen, set dei den revisionistiske tesen om at agrarbefolkningsa er «ein reaksjonær masse».

Allerede Marx kritiserte reformisten Lasalle for denne ideen. »KAF»/»KUL» er ei tvers gjennom borgarleg og revisionistisk gruppe. At den i einskilde høve sokjer å dekkje seg bak »venstre»-frasar, endrar ikkje på at gruppa først og fremst er *moderne revisionistisk*.

c) Anarkismen

Anarkismen har forma ein borgarleg opposisjon mot marxismen og den proletariske, revolusjonære rørsla heilt sidan ho vart skipa i førra hundreåret. Anarkismen skjønar ikkje lovene historia utviklar seg etter. Denne retninga gjer individet til den avgjerande faktoren i historia,

og ser ikkje kva for rolle kampen mellom proletariat og borgarskap og sjølvé massekampen spelar. Den redsla ho syner for disiplin og sentralisme er småborgarleg i opphavet. Det økonomiske programmet deira går imot å gjere produksjonsmidla og produksjonsresultata til samfunnseige, byggjer på småproduksjon og vil kløyve produksjonen opp i arbeidarstrytte» verksemder i tevlung med kvarandre, m.a.o. ein økonomi som vil skape kapitalisme på nyt og på nyt.

Anarkismen har lite å seie i Noreg i dag, men har gjort stor skade i somme land der han har vunne ein lut av arbeidarane for den borgarlege læra si.

d) Populismen

Populismen slik han er kjent i Noreg dei siste åra er ei borgarleg, reformistisk retning som kallar seg socialistisk og har som program å fjerne skadeverknadene av den moderne kapitalismen ved å bygge på småproduksjonen og utvikle samyrkedrift.

Dette er det same synet Marx og Engels kritiserte hos Proudhon og Lenin kritiserte hos »folkevenene». Populistane skjønar ikkje klassekampen, og vender seg mot den leiande rolla arbeidarklassen må spele. Dei gjev seg ut for å ville hjelpe dei arbeidande massane på landsbygda, men avleier dei berre frå den verkelege fienden, monopolkapitalen og det kapitalistiske systemet, og overlet dei berre til ruin.

Populismen er ein arbeidarfiendsleg ideologi og står i dag sterkest som straumdrag i ope borgarlege parti og organisasjoner som Venstre og Senterpartiet.

AKP(m-l) vil føre skarp og ubøyelag kamp mot slike opportunistiske retningar. Vi vil avsløre for dei progressive og revolusjonære massane at all opportunisme tener borgarskapet og saboterer klassekampen og revolusjonen, uansett korleis opportunismen freister å maskere seg.

V. PRINSIPP FOR KAMPANE PROLETARIATET FØRER UNDER KAPITALISMEN

Desse punkta, 18, 19, 20, 21 og 22, skal studerast i samband med *handlingsprogrammet*, og vil bli sende ut saman med utkastet til det.

VI SOSIALISMEN, PROLETARDIKTATURET OG UTVIKLINGA TIL KOMMUNISME

23. SOSIALISMEN OG PROLETARDIKTATURET

a) Den proletariske revolusjonen

Sigeren i den proletariske revolusjonen vil seie at proletardiktaturet vert sett i staden for borgardiktaturet, at det sosialistiske økonomiske systemet vert sett i staden for det kapitalistiske økonomiske systemet og at klassekampen mellom det herskande borgarskapet og den underkua arbeidarklassen går over til å bli ein klassekamp mellom den herskande arbeidarklassen og det underkua borgarskapet.

Med dette har det sosialistiske samfunnet avlyst det kapitalistiske samfunnet. Dette er den mest gjennomgripande revolusjonen i menneskesoga. I alle tidlegare revolusjonar i historia har ein utbyttarklasse teke makta frå ein annan utbyttarklasse, og systemet med at menneske utbyttar menneske er blitt ført vidare. Gjennom den sosialistiske revolusjonen frigjer den utbytta arbeidarklassen seg sjølv og tek fat på striden for å frigjere alle utbytta og underkua og gjere ende på grunnlaget for all utbytting i historia, oppdelinga av menneska i klassar.

Målet for proletariet og sosialismen er såleis det klasselause, kommunistiske samfunnet, og sosialismen sjølv er ein overgangsperiode mellom kapitalismen og kommunismen.

b) Proletardiktaturet

Proletardiktaturet er ikkje berre naudsynt for proletariet når det har styrt borgarskapet, men også »for heile den *historiske tidbolken* som skil kapitalismen frå det 'klasselause samfunnet', frå kommunismen.» (Lenin.)

Staten under proletardiktaturet er ikkje lenger ein stat i den opphavelige tydinga av ordet, for han er ikkje lenger ein maskin som nyttaast av dei fåe utbytтарane til å kue det overveldande fleirtalet av folket, men ein maskin for å øve diktatur over eit lite fåtal utbyttarar, medan det er demokrati for det overveldande fleirtalet av folket.

Oppgåva for proletardiktaturet er å underkue borgarskapet militært, økonomisk, politisk og ideologisk, fremje demokratiet for det arbeidande folket og utvikle klassekampen, kampen for vitskaplege framsteg og produksjonen til beste for folket under leiing av proletariatet.

Arbeidarklassen kan ikkje gjøre dette ved å ta over og bruke den borgarlege statsmaskina. Den borgarlege staten er tufta på statsmakta til tidlegare utbyttarklassane. Borgarskapet har utvikla henne til ein framifrå reiskap til å halde

dei arbeidande massane nede med. Etter at staten vart lagt beinveges under monopolborgarskapet som deira reiskap i klasseunderkuinga, er dette endå tydelegare. Statsmaskina er knytt til borgarskapet og imperialismen med tusen band. Difor kan den nye statsmakta, proletardiktaturet, berre verte oppretta gjennom å knuse den gamle borgarlege staten, avvære den borgarlege hæren og gjøre han til inkjes, og opplyse heile det gamle byråkratiet av embetsmenn osb.

Kjerner i den nye proletariske statsmakta — som i alle andre statar — er og våpenmakta. Men dei væpna styrkane under proletardiktaturet skil seg frå væpna styrker i tidlegare tider ved at dei ikkje underkuar folket, tvert om er dei bygd på væpning av arbeidarklassen og *det arbeidande folket*. Oppgåva for denne våpenmakta er ikkje noko anna enn å underkue dei gamle utbytтарane og verje den sosialistiske staten mot imperialistiske åtak.

For det arbeidande folket vil proletardiktaturet seie verkeleg demokrati i motsetnad til det formelle skindemokratiet i Noreg i dag. Proletardiktaturet bryt med det borgarlege skiljet mellom lovgjevande og løvvande styremakter og den utøvande styremakta, sameiner desse funksjonane og bytar ut borgarskapet sin byråkratiske sentralisme med proletariet sin demokratiske sentralisme. Dette vil seie verkeleg rett for det arbeidande folket til å velje leiarane i staten og leiane tenestemenn, til å kontrollere arbeidet dei gjer og dra dei attende om dei gjer ålvorlege feil og ikkje rettar på dei.

Proletardiktaturet vil seie at statsmakta meir og meir misser si sjølvstendige stilling »over samfunnet» ved at stortast av det arbeidande folket dragast inn i statsstyret på alle nivå, ved at statstenen utførast for arbeidarlon og ved at tenestemennene tek regelrett del i produksjonen.

Proletardiktaturet vil seie verkeleg fridom til politisk verksemeld på arbeidsplassar, i dei væpna styrkane og overalt elles, at det vert verkeleg ytringsfridom i kringkastinga, i pressa, på yggavisar osb. Det vil seie *arbeidarkontroll* på alle plan i staten og verksemndene.

Om tidlegare kapitalistar, imperialistiske agentar og andre reaksjonære verkeleg grip til våpen mot sosialismen, så er det *våpenmakta* til proletariet som må underkue dei. Men så lenge borgarskapet ikkje vågar å reise seg er det den *politiske masserørsla* som er det viktigaste våpenet i kampen for å avsløre og nedkjempe alle borgarlege og reaksjonære element.

Sigeren for det norske proletariet kan ikkje

vere trygg før sosialismen har vunne i verdsomfang. Den proletariske staten må difor samme seg med alle andre sosialistiske land, landa som har frigjort seg fra imperialismen og dei underkua folka og nasjonane som stirr for nasjonal og sosial revolusjon. Alle freistnader på å vinne herredøme over andre land og nasjonar må nedkjempast. Overfor statar med andre samfunnssystem må den proletariske staten praktisere prinsippa for fredeleg samlivnad. Dersom imperialismen går til åtak på landet, må heile folket resistast til væpna strid og drukne åtakshaeren i eit hav av folkekrig. Ingen må ha rett til å gå med på kapitulasjon med noka åtaksmakt. Slik kapitulasjon må straffast som landssvik.

Så lenge proletardiktaturet varar, må det kommunistiske partiet haldast opp som fortropp for proletariatet. Den leieande rolla åt proletariatet vert utøvd gjennom den leiinga partiet har i staten og samfunnet. I tidbolken med proletardiktaturet må partiet halde på det faste sambandet med proletariatet og dei breie massane i det arbeidande folket, styrke dette sambandet og utvikle den revolusjonære arbeidsstilen sin. Partiet må føre vidare stilten med å måte den allmengilde sanninga i marxismeleninismen til den konkrete praksisen i kampen for å reise sosialismen i sitt eige land og føre ein ustanskeleg strid mot revisionisme, dogmatisme og opportunisme av alle slag. Partiet må legge vekt på å oppsede etterfølgjarar i dei nye ættledene gjennom klassekampen og kampen for produksjonen, for å trygge sosialismen og proletardiktaturet for framtida.

Sidan det er gjennom partiet sitt proletariatet utover makta si i staten og samfunnet, er det der den hardeste striden mellom den kapitalistiske og den sosialistiske vegen vil gå. Borgarskapet og dei borgarlege elementa veit at den lettaste måten å ta ein festning på, er innanfrå. Arbeidarklassen må difor verne om partiet, halde det reint for opportunisme og revisionisme, og føre ein varig strid mot freistnader på å vende det om frå eit parti for proletariatet til eit parti for borgarskapet. »Den som berre i minste mon veikjer jarndisiplinen i proletariatet sitt parti (i sær når det har diktaturet), han helper i røynda borgarskapet mot proletariatet.» (Lenin.)

c) Den sosialistiske økonomien

Under kapitalismen og alle økonomiske samfunnssystem for han står produksjonsforholda i antagonistisk forhold til utviklinga av produktivkraftene. Sosialismen avskipar grunnlaget for denne motseiinga, at menneske utbyttar menneske, og skapar produksjonsforhold som fremjer ei jamn, varig utvikling av produktivkraftene etter ein plan. Lovene for den økonomiske utviklinga av samfunnet vert ikkje avskipa, men desse lovene går over frå å vere herrar over menneska til å bli lydige tenrar for dei.

Kapitalisme vil seie produksjon for profit. Sosialisme vil seie produksjon for å stette folket sine behov. Grunnloven for kapitalismen i våre dagar er å oppnå maksimal kapitalistisk profit ved utbytting, ruinering og utarming av fleirtalet av folket, ved trælbinding og systematisk plynndring av folka i andre land og gjennom krigar og militarisering av økonomien.

Den grunnleggjande loven for sosialismen er maksimal fullnøying av samfunnet sine stadig veksande materielle og kulturelle behov.

Sosialismen har løyst den grunnleggjande motseiinga som finst under kapitalismen mel-

lom samfunnskarakteren åt produksjonen og den private tileigninga. Kapitalistisk privatedom vert omvandla til sosialistisk eidegdom (stats- og gruppeeidom). Det gjer arbeidarklassen som heilskap til herre over produksjonsmidla.

Med det vert det råd å skape ein økonomisk statsplan som sikrar likevekt i produksjonen etter kva folket og samfunnet treng. Prinsippet for statsplanen er den demokratiske sentralismen og masselinja: frå massane til massane.

Sosialismen gjer ende på det anarkiet som herskar i produksjonen under kapitalismen og difor gjer han og ende på dei kapitalistiske krisene.

Sosialismen gjer det mogeleg å halde stabile prisar og auke lønene og dei sosiale godene med den auka produksjonen. Meirproduktet hamnar ikkje hjå ein snyltande, ikkje-arbeidande klasse, men vert nyttja til beste for folket. Staten er ikkje lenger ein snyltande felleskapitalist, og etter kvart vert det mogeleg å ta bort alle direkte og indirekte skattar.

Den økonomiske grunnvollen for sosialismen er ikkje ferdig utvikla i og med sigeren for den proletariske revolusjonen, men må utvikla seg i steg. Etter at all kapitalistisk eidegdom er gjort om til statseidom er det framleis småborgarleg jordeidom. Den må omvandlast til gruppeeidom (samyrkelag og kollektiv) og vidare til sosialistisk stateidom. Denne utviklinga må skje i samsvar med bøndene sine ønskje, men må aldri stoppe opp.

Sosialismen gjer slutt på den antagonistiske motseiinga mellom by og land som rår under kapitalismen. I staden er den sosialistiske økonomien slik at han lar industrien tene jordbruks- og jordbruket fremje industrien og bryt ned skiljet mellom by og land.

Den sosialistiske revolusjonen i Noreg vert til å byrje med vanskelegare enn revolusjonane i mange land i den tredje verda. Det er fordi statsapparatet i desse landa er nokså wekt, medan staten til det norske monopolborgarskapet er svært sterkt. Men når revolusjonen har sigra, vert han lettare å føre vidare. Det er fordi produktivkraftene er høgt utvikla, arbeidarklassen har eit høgt kulturelt nivå og lang røynsle frå moderne storindustri.

Når produktivkraftene fyrst er frigjort frå det kapitalistiske anarkiet, vil den norske arbeidarklassen kunne utrette mirakel. Det vert råd å gjere ende på all fattigdomen som kapitalismen har skapt, å skape liv og bløming i område av landet som i dag stagnerer og vert lagt øyde. Den sosialistiske revolusjonen opnar vegen for den mest framgangsrike perioden i norsk historie.

på grunn av gleda ved arbeidet og ut frå kjensla av at dei står saman med andre menneske og har plikter overfor dei, ein ny sosialistisk mennesketype. Omvandlinga av produksjonen må difor gå hand i hand med omvandlinga av menneska.

d) Klassekampen under sosialismen

»Det sosialistiske samfunnet dekkjer ein ganske lang historisk tidfolk. I den historiske tidfolken for sosialismen finst det framleis klassar, motseiingar og klasstrider, det går for seg ein strid mellom den sosialistiske vegen og den kapitalistiske vegen, og faren for kapitalistisk gjenoppretting er framleis til stades.» (Mao Tsetung.)

Gjennom den proletariske revolusjonen vert

klassenaturen til dei to klassane som formar den grunnleggjande motseiinga under kapitalismen ikkje endra, og motseiinga mellom desse to klassane er framleis hovudmotseiinga. Men dei to sidene i motseiinga skiftar plass: arbeidarklassen vert herskande og borgarskapet vert underka.

I det sosialistiske samfunnet finst det to slag samfunnsmotseiingar, for det første motseiingane i folket og for det andre motseiingane mellom folket og fienden. Dei er heilt ulike i innhald. Difor må dei handsamast på ulikt vis. Motseiingane i folket vil skifta etter som vilkåra og stega i den sosialistiske revolusjonen og den sosialistiske oppbyggjinga endrar seg. Dei vil vere motseiingar som desse: Motseiingar innanfor arbeidarklassen, mellom dei småborgarlege bøndene, mellom dei intellektuelle, mellom arbeidarklassen og bøndene, mellom desse to klassane og dei intellektuelle osb. Det vil vidare vere motseiingar mellom staten og folket, mellom interessane til kollektivet og individet, mellom leiinga i staten og partiet og dei som vert leidde, mellom folket og tendensar til byråkrati i leiinga osb.

Dersom ein ikkje skiljer rett mellom desse motseiingane og motseiingane til fienden og handsamar dei urett, kan somme motseiingar i folket utvikla seg til antagonistiske motseiingar, og skade sosialismen og proletardiktaturet. Dersom ein skiljer dei rett frå motseiingane til fienden, ser at det under motseiingane i folket finst eit grunnlag for felles interesser og handsamar dei rett, vil dei ikkje vere til skade, men tvert om styrke og utvikle sosialismen og proletardiktaturet.

Motseiingane mellom folket og fienden er motseiingane mellom dei utbytta på den eine sida og utbytтарane og dei som følger dei hardnakka på den andre sida. Dette er antagonistiske motseiingar. Slike motseiingar er motseiingane mellom arbeidarklassen og borgarskapet, mellom dei småborgarlege bøndene og borgarskapet, mellom det sosialistiske landet og imperialismen og sosialimperialismen. Under sosialismen vil det alltid finnst slike motseiingar mellom folket og kontrarevolusjonære krefter, og det vil oppstå nye slike krefter også etter at restane av dei gamle utbytarklassane er blitt svært småe. Dei vil ikkje vere mange, men ein må vere på vakt, isolere dei frå folket og rydde dei ut med fast hand der ein finn dei i verksemد.

Under sosialismen vil det såleis framleis finnast eit borgarskap, og arbeidarklassen må aldri gløyme klassekampen. Sjølv om borgarskapet vert styrt frå makta, er ikkje den endelege sigeren trygg. Borgarlege element frå det gamle samfunnet vil framleis eksistere, og det same vil kulturen og ideologien deira.

Det sosialistiske samfunnet er fødd av det kapitalistiske samfunnet, og ber fødselsmerke frå det. Røyslne fra dei sosialistiske landa og frå kontrarevolusjonen i Sovjetunionen og mange andre tidlegare sosialistiske land har synt at det oppstår borgarlege tendensar under sosialismen. Det kan gje opphav til eit nyt borgarskap som vil stri for å gjere sosialmen om til kapitalisme att.

Dei utbyttarane som er styrt av revolusjonen, vil ikkje gje opp drømme om å gjenopprette kapitalismen. Så snart dei får høve til det, vil dei gjere desse drømme om kontrarevolusjon om til freistnader på kontrarevolusjon.

Sjølv om borgarskapet er styrt, har det

framleis føremonen av store kunnskapar om orgaisinger av produksjonen, om administrasjon, militærstell og politikk. Det har kontaktar og støtte frå utanlands imperialisme.

Etter revolusjonen vil det høgst sannsynleg eksistere ei imperialistisk omverd. Borgarskapet i desse landa vil stø kontrarevolusjonen i Noreg politisk, økonomisk og militært, ved freistnader på innringing, blokadar, førebuing og opptak til krig.

Det må difor først ein langvarig årvaken strid mot det gamle borgarskapet og agentar for imperialismen.

Det vil og finnast ein tung arv frå det gamle samfunnet som reaksjonær kultur og ideologi. Dei vil i lang tid virke inn på tenkinga til arbeidarklassen og folket. Restane av dei gamle utbytarklassane og andre som går den kapitalistiske vegen kan nyte vekta av desse reaksjonære vanane, fordomane og tankane frå det gamle samfunnet til hjelpe for seg.

Staten og partiet må difor leie massane i strid mot borgarleg ideologi og fordomar, utvikle massestudium av den proletariske ideologien, marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking, slik at han kan verte den førende ideologi i samfunnet og den borgarlege, idealistiske underkuarideologien kan bli driven attende.

Under sosialismen vil småproduksjonen halde fram i lang tid. Han avlar kapitalisme i masse-omfang. Dersom ein ikkje kjempar mot denne spontane tendensen, vil småproduksjonen bli eit vist støttepunkt for dei kraftene som ønskjer å gjenopprette kapitalismen. Proletariatet må difor sameine seg med småbøndene og dei lågaste delane av dei mellomstore småborgarlege bøndene, reise dei mot dei kapitalistiske elementa og tildrivet til kapitalisme, og oppmøde og hjelpe dei til å bygge ut samyrkedrift og kollektiv bruk av jorda, og synge dei vegen med å gå vidare frå kollektivbruk til statsbruk.

Under sosialismen må ein framleis nytte systemet med løn og pengar, drive fordeling etter prinsippet »frå kvar og ein etter evne, til kvar og ein etter arbeid», og halde fram med visse løneskiljar. Systemet med varebyte vert og halde opp for forbruksvarer og for utvikling mellom statssektoren i økonomien og den sektoren der det rår gruppeeidedom. Borgarleg rett vil såleis eksistere i ein viss mon så lenge sosialismen varar. Skiljet mellom åndsarbeid og kroppsarbeid, mellom administrativt arbeid og produktivt arbeid vil og finnast like lenge. Slike ting kan ein berre setje grenser for under proletardiktaturet.

Røyslne fra den tida sosialismen har eksistert som samfunnssystem har vist at dette gjev opphav til kapitalistiske tendensar hos eit mindretal i samfunnet, og dette kjem i tillegg til dei tendensane som spreier seg frå restane av dei gamle utbytarklassane.

Somme folk i partiet, i statsstyret og styret for verksemde kan nyte stillingane sine til å gjere den sosialistiske eigedomen om til kapitalistisk privateeidom steg for steg. Delar av folket sin intelligensia kan degenerere til ein borgarleg intelligensia. Når slike folk først har fått fotfeste somme stader, kan dei søkje stønad hos villfarne og ureoynde folk i dei arbeidande massane, byggja opp ein styrke for å vinne makta i partiet og dimed i staten og freiste å gjere kontrarevolusjon.

Dersom dei lakkast med dette, vil dei gjere det kommunistiske partiet om til eit fascistisk parti og byte ut proletardiktaturet med eit

borgarleg fascistisk diktatur og sosialismen med statsmonopolkapitalisme.

Alt dette vil seie at sjøl om borgarskapet er styrt, vil klassekampen halde fram under heile tidbolken med proletardiktaturet. Det er det som ligg i Mao Tsetung sin tese om at »*klassekampen er den avgjande lekken under sosialismen*».

Klassekampen under sosialismen vil bølgje att og fram heilt til kommunismen avløyser sosialismen. Til visse tider vil motseiingane kvesse seg til å gi opphav til store klassestrider som kulturrevolusjonen i Kina og revolusjoneringskampanjen i Albania.

Kampen i eit sosialistisk land mellom den sosialistiske vegen og den kapitalistiske vegen er ikkje til å unngå. Alle revolusjonar i historia har hatt atterslag og gått gjennom motgangstider og forviklinger. Det har aldri »hendt nokon gong før i historia at ein ny produksjonsmåte har fått fotfeste med ein gong, utan ein lang rad atterslag, mistak og tilbakefall» (Lenin). Kapitalismen brukte 500 år på å vinne gjennom, og sosialismen er berre vel eit halvt hundreår gammal som samfunnssystem.

Men det er slett ikkje uunngåeleg at kapitalismen vert gjenopprettet i eit sosialistisk Noreg og at det degenererer til eit kapitalistisk Noreg att. Ved å bygge på dei negative røyslene frå kontrarevolusjonen i Sovjetsamveldet og dei positive røyslene frå land som Kina og Albania, kan ein halde fast ved den rette revolusjonære lina, trefte dei rette tiltaka og føre ein sigerrik kamp mot restane av utbyttarklassane, mot innringning og åtak frå imperialismen og mot nye kapitalistiske tendensar og eit nytt borgarskap.

Nøkkelleda i denne striden er å halde partiet reitt for borgarlege element, styrke folkevæpninga og folkehæren, halde proletardiktaturet oppe og halde den borgarlege retten innanfor dei grensene som sosialismen set, utvikle produksjonen, halde fast på marxismen-leninismen, kjempe mot revisionisme og byråkrati, lite på massane, oppsøke dei og mobilisere styrken deira fullt ut mot borgarskapet og borgarlege tildriv.

Atterslag for sosialismen i det eine eller det andre landet vil berre vere mellombels sigrar for kapitalismen og imperialismen. Vår tid er tida for overgangen frå kapitalismen til sosialismen. Denne overgangen er ein følge av ei historisk lov som virkar uavhengig av menneska. Sigeren for sosialismen og for vegen mot kommunismen er difor viss.

24. DEI FØRSTE OPPGÅVENE FOR DEN SOSIALISTISKE REVOLUSJONEN

Når proletariatet har teke statsmakta i Noreg, må det straks gå i gang med å bryte ned den gamle borgarlege samfunnsordninga på alle område og bygge opp den nye, proletariske samfunnsordninga. Dette er ein langvarig prosess som vil halde fram i mange år, heilt fram til grunnlaget er lagt for å skipe kommunismen. For at denne prosessen skal kome i gang, må den sosialistiske staten gjennomføre visse viktige minimumstiltak.

a) Bryte med den borgarlege statsmaskina og styrke den proletariske statsmaskina

Berre dei arbeidande massane kan sikre at den sosialistiske ordninga vert ståande. Difor må dei straks gå i gang med å bygge opp og styrke si eiga statsmakt, det proletariske diktaturet.

Staten byggjer på den allmenne væpninga av arbeidarklassen og dei arbeidande massane. Røysteretten for dei arbeidande massane vertvida ut til å gjelde val til alle leiande organ i staten, domstolane, leiingane i industri, jordbruk, handel osb., og til å gjelde ikkje berre val av delegatar, men også retten til å kalle dei attende og bytte dei ut med andre når som helst. Slik vert det falske, borgarlege parlamentariske »demokratiet» avløyst av eit verkeleg proletarisk, socialistisk demokrati, der veljarane verkeleg kontrollerer dei folkevalde, der dei folkevalde verkeleg rår over politikken og sameiner både avgjerdsmakta og den utøvande makta i staten. Proletariatet må straks skilje kyrkja frå staten.

For å nå måla sine må den proletariske staten straks gå i gang med å mobilisere dei arbeidande massane så vidt som råd er for å ta del i statssaken. Han må gje det arbeidande folket rettsleg og materiell trygd for at dei verkeleg kan vere med i politiske avgjelder. Han må sikre talefridom, prentefridom og organisasjonsfridom for det arbeidande folket, forby all diskriminering på grunn av kjønn, nasjonalitet, rase og religios tru og verdsåskåding, og syte for at den sosialistiske rettstrygda vernar det arbeidande folket.

Han må mobilisere massane til å slå ned på reaksjonære borgarlege element og imperialistiske agentar som vil gjenreise kapitalismen, og vere særskilt på vakt mot at det utviklar seg borgarleg byråkratisme og tidsdriv til å utnytte og underkue massane frå folk som har leiane stillingar i den sosialistiske staten, økonomien og i skuleverket og kulturlivet. Difor er det også svært viktig at alle tenestemenn så smart som råd er byrjar å delta i produktivt arbeid ein del av året.

A styrke proletardiktaturet er eit spørsmål som avgjer liv og død for sosialismen. Berre om denne oppgåva vert løyst vel, er det råd å vinne framgang i å bygge sosialismen på dei ulike andre områda av samfunnslivet.

b) mot imperialismen, for sjølvstende og samhald med verdsproletariatet og folk som stirr mot imperialismen

Den proletariske staten må straks avskipe alle avtalar og konsesjonar som gjev utanlandske imperialistar særskilte rettar i Noreg, og slå ned på alle agentar for imperialistiske stormakter som opererer i Noreg. Han må straks dra Noreg ut av alle internasjonale imperialistiske organisasjoner. Han må straks slå fast at han avskipar alle avtalar som gjev Noreg rett til imperialistisk utbytting i utlandet og gjev avkall på all norsk imperialistisk eigedom i utlandet.

Den proletariske staten må gje Noreg trygd for verkeleg politisk og økonomisk sjølvstende og gå mot alle former for hegemoni. Han må bygge opp ein sterkt folkehær som kan verje Noreg mot imperialistisk åtak. Staten må hevde og verje integriteten og det ukrenkjelege ved Noreg og suvereniteten over alt retteleg norsk land, som Svalbard, Jan Mayen og det norske territorifarvatnet og kontinentalsokkelen. Staten må utvikle ein sjølvstendig økonomi bygd på dugleiken til det norske folket og rikdomane i landet sjølv, ein økonomi som korkje utbyttar andre land eller gjev andre land utveg til å kontrollere Noreg.

Ein slik stat ordnar tilhøva sine med statar med andre samfunnssystem ut frå dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad.

Ein slik stat vil vere eit kraftig atterslag for

imperialismen og ein kraftig støtte til arbeidarklassen og dei kjempande folka i heile verda. Han må stø og kan sjølv rekne med støtte fra dei revolusjonære og anti-imperialistiske kretene i verda, først og fremst dei andre verkelege sosialistiske landa, proletariatet og dei arbeidande massane som stirr for den sosialistiske revolusjonen og frigjøringsrøslene og folket som stirr for nasjonal og sosial frigjering.

c) Gjere kapitalistisk egedom om til sosialistisk egedom og utvikle ein sosialistisk planøkonomi

Det økonomiske grunnlaget for at borgarskapet sitt diktatur eksisterer og for at borgarskapet sjølv er til er dei borgarlege egedomstilhøva, at borgarskapet eig kapital i form av pengar, produksjonsmiddel osb. Det økonomiske grunnlaget for proletariatkaturet er dei sosialistiske egedomstilhøva, at det arbeidande folket eig produksjonsmidla gjennom staten eller i grupper.

I dag er industriproduksjonen, handelen samferdslemedla osb. dominerte fullstendig av nokre fåe kapitalistiske monopol (private og statsätte). Proletariatet si statsmakt kan ikkje overleve ein augenblink utan å kverrsjetje (konfiskere) desse monopola og gjere dei til sosialistisk statseigedom. For om dei fekk vere i fred, ville dei ha eit økonomisk stupetak på den sosialistiske staten og heile det arbeidande folket.

Difor er det den første oppgåva for den proletariske revolusjonen å kverrsjetje dei store monopola og gjere dei om til statseige. Det vil seie: å kverrsjetje bankar, finansieringsinstitusjonar og trygdelag, å kverrsjetje den monopolistiske egedomen i industri og gruve drift, jord- og skogeigedomen til godseigarane, dei store reiarlaga, samferdselselskapa, varehuskjedene osb. Den sosialistiske staten må straks ta full kontroll over utanrikshandelen, finansar, dei store selskapa i samferdsle og vareomsetnad og over produksjon som har noko å seie militært.

Den proletariske staten kverrsset ikkje berre dei private monopola, han tek og over dei statsätte kapitalistiske monopola som finst frå før og gjer *dei* til sosialistisk statseigedom.

Gjennom desse tiltaka vert økonomien med eitt slag grunnleggjande sosialistisk.

Men utover dette er det og turvante at den sosialistiske statssektoren vertvida ut så snøgt råd er til å femne om resten av den eigentleg kapitalistiske verksemada i industri, samferdsle, handel osb. Kva former dette vil skje i er avhengig av tilhøva. Det kan hende at somme kapitalistiske grupper kan kverrsjetast gjennom overtyding, tingingar og vederlag, og at somme formar for småkapitalistisk egedom som det er vanskeleg å gjere til statseigedom, kan gå opp i gruppeigedom. Men det må avgjera etter korleis ulike skikt i borgarskapet stiller seg.

Det er heilt klårt at mesteparten av den kapitalistiske egedomen i Noreg kan og må gjerast til sosialistisk egedom straks, og det kan ikkje vere noka lang overgangstid for *all* kapitalistisk egedom vert gjort til sosialistisk egedom.

Når det gjeld jordbruk og fiske, som i dag er merkete av mykje småborgarleg produksjon, må den sosialistiske staten ta over dei store kapitalistiske verksemadene i desse sektorane, samstundes som han hjelper og stør bøndene som lever av eige arbeid på eiga jord og i eigen båt. Dei arbeidande bøndene og fiskarane er arbeidarklassen sine allierte og støe for sosialismen.

Eigedom deira kan berre omvandlast til sosialistisk statseigedom gjennom oppmuntring og støtte til friviljug samyrke, som må skje i den takta dei arbeidande bøndene og fiskarane sjølv vel ettersom dei ser føremonene av det. Sosialistisk gruppeigedom vert difor i første omgang ein viktig form for sosialistisk egedom i jordbruk og fiske, ved sida av sosialistisk statseigedom. Det kan og hende at småborgarleg egedom i småhandel og handverk kan bli omvandla til sosialistisk gruppeigedom på denne måten.

Den sosialistiske staten må legge ned forbod mot kjøp og sal av jord og forbod mot å eige jord for dei som ikkje brukar ho.

Bygginga av den svære sosialistiske statssektoren legg grunnlaget for ein sosialistisk planøkonomi. Ein sosialistisk planøkonomi krev sentralisert styring, men samstundes krev han og demokrati. Han krev at skaparkrafta i massane vert mobilisert og at massane drofta, utviklar og kontrollere planen. Dersom det arbeidande folket ikkje tek avgjerdene sjølv når det gjeld statsplanen, vil dette arbeidet i praksis gievast over til intellektuelle og byråkratar. Føresetnaden for ein sosialistisk planøkonomi er difor at arbeidarklassen og dei arbeidande massane sjølv samrår om måla for statsplanen, avgjer dei og sjølv går i brodden for å setje dei ut i livet.

d) Skape trygge kår for alle, opne utvegen for eit rikt og skapande liv for alle som arbeider, byrje å utvikle det nye, sosialistiske mennesket

Ingen kan seie på førehand korleis stoda vil vere i Noreg like etter ein sosialistisk revolusjon. Men det som er visst, er at den sosialistiske staten straks må setje i verk alle moglege tiltak for å tryggje kåra til dei arbeidande massane og leggje grunnlaget for eit rikt og skapande liv for alle.

Den aller første oppgåva er å tryggje dei naudsynste behova og rydde ut armoda som kapitalismen har skapt. Det vil seie å sikre alle retten og utvegen til å forsyte seg ved å arbeide, å tryggje levekåra for uføre og pensjonistar, å gi bustad til alle, å tryggje legestell og utvida helsetil og andre sosiale ytingar til heile landet (også dei områda som kapitalismen har raser), å tryggje utvegen til utdanning osb.

I dag er Noreg eit rikt og utvikla kapitalistisk land. Dersom dei veldige rikdomane til monopola vart kverrssette og samfunnsproduksjonen vart innretta på å rydde ut armoden og nauda som kapitalismen har skapt, så kunne alle dei mest turvante behova folket har bli stetta på ganske stutt tid.

Men dette áleine' er ikkje nok. Det sosialistiske samfunnet må også straks starte kampen for å gje menneska utveg til eit rikare liv enn under kapitalismen, til å nytte ut evnene sine og skaparkrafta si på ein måte som kapitalismen aldri har tillate.

Den første føresetnaden for dette er at arbeidarklassen og folket tek stadig vidare del i det politiske livet, at dei stadig får større kontroll over statssaker osb.

Den sosialistiske staten må skape heilt nye vilkår for kvinnene ved å gje dei utveg til å ta del i det politiske livet fullt ut, gje arbeid til alle kvinner, bygge ut barnehagar og andre sosiale ytingar som frigjer kvinnene for ansvaret for husarbeid og barnepass som det gamle klasse-samfunnet har bunde dei til. Vidare må han forby den rotne, kvinnefiendslege ideologien,

pornografien osb. som framstiller kvinner som salsvare og kjønnsobjekt, kjempe mot det reaksjonære kvinnesynet fra det gamle samfunnet og mobilisere massane mot det både i familien og i heile samfunnet. Derved opnar sosialismen vegen for verkeleg frigjering av kvinnene og verkeleg økonomisk og sosial jamstelling mellom kjønnene. Ei slik frigjering er det uråd å gjennomføre fullt ut under kapitalismen.

Den sosialistiske staten vil opne ein heilt ny veg for ungdomen. Han vil mobilisere det naturlege tiltaket og virketrongen han har og trygge demokratiske rettar for ungdommen og mobilisere han til politisk kamp. Han vil byggje ut undervisningstilboda, der teori er sameint med praksis og desse att er sameinte med produksjon, rekreasjon og idrett. Den sosialistiske staten vil tryggi kåra under oppvoksten og garantere ei trygg framtid for ungdomen, i motsetnad til kapitalismen.

Den sosialistiske staten vil gjøre ende på den hundreårgamle underkuinga av *samefolket*, synne full vørnad for sjølvråderetten til samane og gje den samiske nasjonen all mogleg støtte for å utvikle sin egen økonomi og kultur. Han vil gjøre slutt på tilbakegangen for samefolket, og i staden opne vegen for at dei kan skape eit rikt og blomstrande liv for seg sjølv. (Dette spørsmålet vert teke grundigare opp i Sameprogrammet til AKP(m-l). Vi syner til det.)

Den sosialistiske staten må skape nye vilkår for kulturen og vitskapen. Massane må mobilisera for å kjempe mot borgarleg, imperialistisk og reaksjonær kultur og verne og utvikle folkeleg, sosialistisk og nasjonal, patriotisk kultur, og det arbeidande folket må stri for verkeleg å gjøre desse kulturgoda til sin egen eigedom. Staten må tryggi arbeidsvilkåra for kunstnarar og vitskapsmenn og legge tilhøva til rettes for dei slik at dei kan ha nært samhald med massane og lære av dei.

Samstundes er målet at ikkje berre eit fåtal, men eit fleirtal av det arbeidande folket skal vere med i kunstarleg verksemde og idrett, skal høge kunnskapsnivået sitt og vere med på vitskapleg gransking. Dette er ei utvikling som peikar frametter mot det kommunistiske samfunnet, der skiljet mellom åndsarbeid og kroppsarbeid endeleg er avskipa, mellom kjønnna. Ei slik frigjering er det uråd å gjennomføre fullt ut under kapitalismen.

Den sosialistiske staten må kjempe for å rehabilitera filleproletarane, kriminelle, prostiterte osb. gjennom å sameine underkuinga av kriminelle bandar med oppseding og hjelpe til dei som kan hjelpast, slik at dei kan vende ryggen til **fortida**, gå inn i produksjonen og bli arbeidande menneske med same rettar og plikter som andre.

e) Styrk den leiande rolla til partiet

Vilkåret for at desse tiltaka skal kunne bli sett ut i livet og ført vidare er at partiet straks gjennomfører oppgåva si som den leiande politiske krafta i staten og samfunnet. Partiet må styrke banda til massane,

vere skarpt på vakt mot at agentar for borgarskapet og imperialismen og borgarlege karriistar snik seg inn i rekjkjene når revolusjonen har sigra. Det må styrka banda til massane, arbeide vere djervt med kritikk og sjølkritikk av arbeidet det driv på alle nivå verksemde, på landsbygda, på lærerstader, i statsinstitusjonar og overalt der klassekampen og den leiande rolla til partiet krev det. Partiet må vere djervt med kritikk og sjølkritikk av arbeidet det driv på alle nivå og høyre vel på all kritikk. Det må styrke studiet av marxismen-leninismen-Mao-Tsetungs tenking, og følgje prinsippet om å

marxisme-leninisme og ikkje revisjonisme, halde på den proletariske internasjonalismen og ikkje streve etter hegemoni.

f) Skape eit nytt, socialistisk menneske

Kor snøgt desse og liknande oppgåver kan bli gjennomførte vil bli avgjort av korleis revolusjonen skjer, kva stode han kjem i, og det er avhengig av korleis klassestriden utviklar seg i og utanfor Noreg under sosialismen. Vi gjev ingen særskilt tidsplan, men noyer oss med å peike ut leia.

Formålet med den auka produksjonen og bringa av kåra for arbeidarklassen og folket er ikkje å gjøre alle i Noreg »rike». Det er å frigjere dei beste eigenskapane og den rike skaparkrafta i den norske arbeidarklassen, som kapitalismen har bunde og revolusjonen har utløyst, og legge grunnen for ein ny, sosialistisk mennesketype som er fri for snevre egoistiske drifter og arbeider til beste for det folket eig i fellesskap. Utviklinga av denne nye menneskotypen er drivkrafta i veksten av det sosialistiske samfunnet i Noreg og overgangen til det kommunistiske samfunnet.

25. UTVIKLINGA AV SOSIALISMEN TIL KOMMUNISME

Når proletariatet gjennomfører den sosialistiske revolusjonen, grip statsmakta og nyttar proletardiktaturet til å ta eigedommen over produksjonsmidla frå borgarskapet og gjer dei til verkeleg samfunnseige, då gjer det og ende på systemet med at menneske utbyttar menneske. Dimed gjer det og ende på samfunnsbasen for staten som ein maskin for eit fåtal utbyttar til å underkue og utbytte fleirtalet av menneska. Sosialismen gjer det som før var det utbytta og underkua fleirtalet, til herrar over produktivkrefte og produksjonstilhøva. Dimed frigjer det produktivkrefte fra dei lekkjene kapitalismen har lagt dei i, og skapar utveg for at dei kan bli utvikla etter ein medveten plan og fullnøye menneska sine behov stadig meir.

»Først frå denne stunden vil menneska gjøre historia si sjølv på fullt medvete vis, først no vil dei samfunnskrefte som dei har sett i rørsle kome til å få dei verknadene som menneska ønskjer i den overveiande delen og i stadig større mon.» (Engels.)

Difor er sosialismen »den første fasen i kommunismen» (Lenin).

Under sosialismen finst det framleis klassar og klassekampen er drivkrafta i samfunnsutviklinga. Det finst framleis ein stat, med folkehær og statsadministrasjon, for å trygge fellesinteressene og makta for dei revolusjonære klassane mot det gamle borgarskapet og nye borgarlege elemen.

Samfunnsmedlemene eig produksjonsmidla som felles samfunnseige, overskotet av produksjøen går til fond som det arbeidande folket rår over og som blir fordelt etter fellesbehova i samfunnet. Men i fordelinga av forbruksgodene følger ein prinsipp om »til kvar og ein etter arbeid, frå kvar og ein etter evne». Denne like retten er i royna ein ulik rett, og dimed borgarleg rett.

Statseigedomen dominerer økonomien som heilskap, men i jordbruket finst det og gruppe-eigedom som enno ikkje er fullt utvikla samfunnseigedom og restar av privat eigedom over produksjonsmiddel.

Dei økonomiske lovene for sosialismen er slike at det vil finnast ein marknad for forbruksvare og for kjøp og sal mellom den statlege sektoren og gruppe-eigedom, og pengar vert nytta i sirkulasjonen. Arbeidsdelinga mellom industriarbeid, administrativt arbeid, åndsarbeid, arbeid i jordbruket og ulike typar arbeid elles finst og.

Under sosialismen kan proletariatet nytte ut desse lovene for å utvikle økonomien og samfunnet i rett lei. Proletardiktaturet kan berre setje grenser for verknaden av desse tinga. Men gjennom å setje slike grenser, innskrenkar proletariatet virkefellet for desse tinga steg for steg, for å setje nye sosialistiske ting inn i staden å få bort fødelsesmerka frå det gamle samfunnet steg for steg. Grunnlaget for at dei kan gjere dette, er at utbyttinga er avskipa og at proletariatet over revolusjonært diktatur over borgarskapet.

Sosialismen er difor ein *overgangsperiode* mellom det kapitalistiske og det kommunistiske samfunnet, »perioden då det eine samfunnet vert endra revolusjonært til det andre (Marx).

Under kommunismen vil vesenskilnaden i arbeidsdelinga vere borte. Det vil ikkje finnast klassar, difor vil samfunnsgrunnlaget for staten og hæren falle bort. »Ei statsmakt som grip inn i samfunnssakene blir overflødig på det eine området etter det andre og staten sonnar bort av seg sjølv.» (Engels.) Staten dør bort, i staden for han kjem styring med tinga og leiing av produksjonsprosessen. Menneska samarbeider i eit kollektivt samfunn. Vareproduksjonen vil opphøre, fordelinga vil skje utan ein marknad og utan pengar. Den materielle produksjonen og den politiske og åndelege utviklinga har kome så langt at ein kan fordele samfunnsgoda etter parolen »frå kvar og ein etter evner, til kvar og ein etter behov». Den borgarlege like retten vil dimed vere avskipa.

Proletariatet spelar den avgjerande rolla i kampen for det klasselause, kommunistiske samfunnet. Under leiing av proletariatet vert verda omskapt, og medan det skapar verda om, skapar det om seg sjølv. Steg for steg vert det skapt eit nytt menneske med høge kommunistiske ideal.

Striden for det kommunistiske samfunnet vil gå for seg under proletardiktaturet.

Proletariatet er den mest revolusjonære klassen i historia. Berre når det held på makta si i staten og gjer denne makta stadig fastare, berre når dei verdi mobiliserte fullt ut, kan borgarskapet bli heilt avskipa og alle nye tildriv til å gjenskape kapitalisme og borgarskap bli drivne attende.

For å få dette til, må proletariatet ha ein generalstab av dei beste, mest offervilige og lengstsjåande representantane sine, det kommunistiske partiet. Difor må det haldast oppe i heile denne tidebolken, og det får ei stadig viktigare, ikkje ei stadig mindre viktig rolle.

Likeeins må den revolusjonære staten til proletariatet, proletardiktaturet, haldast oppe i heile perioden, for å utøve proletariatet si makt over utbyttarklassane. Proletardiktaturet byggjer makta si på dei store massane. Desto lengre det utviklar seg, desto fleire av funksjonane sine gjev det over frå det sjolvstendige statstyret til massane i samfunnet sjølv. Dette skjer dels gjennom utviklinga av arbeidarkontroll og bruk av arbeidarar i statsstyret, og dels ved at statstjenestemennene går ut i produktivt arbeid stadig lengre tider i året. For å få dette til, må det først ein langvarig klassestrid mot borgarleg ideologi, byråkratisme, intellektualisme og autoritetsfrykt i massane og i leiinga av økonomien, produksjonen og staten.

Proletariatet er skapt av storindustrien, og representerer den lengstkomme produksjonsmaten i samfunnssoga. Berre dei er difor i stand til å utvikle produksjonen slik at han i stadig større mon kan fullnøye dei materielle og kultuelle behova i samfunnet. Utan ei slik utvikling kan det ikkje bli nokon kommunitisme. Berre det gjev grunnlag for at kvar einskild skal få rom til å gjere meir enn å skaffe seg dei nødortfuge ei listensmidla, og dimed kunne utvikle seg

allsidig, auke det kulturelle, politiske og åndelege nivået sitt, slik at dei kan ta full del i klassestriden og statssakene, i utviklinga av produksjonen og i det vitskaplege og kulturelle livet.

For å få dette til, må det først ein langvarig klassestrid mot borgarlege fordumar, idealisme og metafysikk i arbeidsmetodar, vitskap og teknikk. Vitskapsmenn og teknikarar må delta i produksjonen og lære av massane. Massane må sjølv ta del i vitskaplege eksperiment og få fritt rom til å skape tekniske nyvinningar. Vitskapsmenn og teknikarar må skapast mellom dei arbeidande massane sjølv. Undervisninga må sameinast med deltakking i produksjonen.

Utviklinga av produksjonen er og grunnlaget for at produkta kan slutte å vere varer, at pengane kan få mindre og mindre å seie, at lønnsystemer og lønskjene kan bli avskipa. Den auka produksjonen for samfunnsbehova gjer at større og større delar av samfunnsgoda kan bli tildeleide beinveges til samfunnsmedlemene gjennom staten, og ikkje bli omsette som varer på ein marknad.

Samstundes er striden for å setje grenser for den borgarlege retten, tildeelinga av godar etter arbeidsinnsats og lønssystem, og byte dette ut med fordeling etter parola »til kvar og ein etter behov, frå kvar og ein etter evne», ein klassestrid i arbeidarklassen for å styrke den proletariske, kollektive moralen mot den borgarlege, egoistiske moralen som er arva frå det gamle samfunnet.

For å få avskipa vareproduksjonen må også småeigedomen og gruppeeidomen på *landsbygd* skapast om til høgare former for samfunnseige og til slutt til statseigedom. Dette må gjerast ved å utvikle produktivkretfene i jordbrukskretsen ved mekanisering og utvikling av dei vitskaplege jordbruksmetodane, ved å knytte jordbrukskretsen saman med industrien og jamne ut skiljene mellom by og land på det materielle, kulturelle og sosiale området. Attåt må proletariatet sameine seg med småbondene og dei lågare mellomstore bøndene, stri mot borgarskapet og borgarlege tildriv på landsbygdene, og nytte overtaling, oppseding og hjelpe for å få bondene sjølv til å utvikle hogare former for samfunnseige.

Striden for å utvikle det sosialistiske samfunnet til det klasselause, kommunistiske samfunnet vil gå gjennom langvarig klassekampar som vil ta mange generasjonar. Han er sein hardnakka strid, ein blodig og ublodig, valdeleg og fredeleg, militær og økonomisk, pedagogisk og administrativ strid mot kreftene og tradisjonane frå det gamle samfunnet (Lenin). Han må først av proletariatet med det kommunistiske partiet i leiinga og med den vitskaplege sosialismen, marxismen-leninismen-Mao Tsetsungs tenking som rettesnor.

Striden for dette samfunnet er ikkje ein strid for eit ideal som er oppstått i menneska sin fantasi. Det er eit ideal som byggjer på den historiske, økonomiske utviklinga og som står seg på ho for å bli verkeleg.

Utviklinga mot kommunismen er styrt av lover utanfor menneska sjølv, av dei same loveiene som utvikla det urkommunistiske samfunnet til slavesamfunn, slavesamfunnet til foydalisme og foydalismen til kapitalisme. Kapitalismen har sjølv skapt proletariatet, den klassen som vil gjere ende på utbytting og klassar i det heile. Men proletariatet er samstundes den første klassen som eig ein vitskapleg teori om kva målet hans er og korleis det skal lyssast.

AKP(m-l) byggjer på denne teorien, er den politiske leiinga for proletariatet i Noreg i denne striden, og fører alle kampane sine med det for auge å føre proletariatet fram til den endelege sigeren for det kommunistiske samfunnet.

VEDLEGG TIL PRINSIPP-PROGRAMMET

VI DEN SOSIALISTISKE REVOLUSJONEN OG PROLETARDIKTATURET

22) Den sosialistiske revolusjonen

Arbeidarklassen og dei arbeidande massane kan aldri vinne korkje frigjering eller trygge levekår under kapitalismen. Borgardiktaturet vil alltid underkue dei og utbytte dei. Sjølv om dei skulle kjempe til seg nokre føremoner, vil slike alltid verte undergrave.

Berre ved å styrte borgardiktaturet gjennom ein sosialistisk revolusjon kan kapitalismen bli avskipa og sosialismen og proletardiktaturet oppretta. I eit høgt utvikla kapitalistisk land som Noreg er det berre ein slik revolusjon som er mogeleg.

Fordi Noreg er eit utvikla kapitalistisk land, der føydalismen er knust for lang tid sidan, der det er ein høgt utvikla storindustri og proletariatet er fleirtalet av folkesetnaden, er det ikkje på tale med nokon nydemokratisk revolusjon. Slike revolusjonar er naudsynte føre den sosialistiske revolusjonen i halvføydale og halvkoloniale land. I vår tidfolk er desse nydemokratiske revolusjonane ein del av den proletariske verdsrevolusjonen. Dei er framleis borgarleg-demokratiske i samfunnskarakteren sin, men dei tener og fremjar sigeren for proletariatet i verdsmålestokk. I eit høgt utvikla kapitalistisk land er det ikkje den borgarleg-demokratiske, men den sosialistiske revolusjonen som er aktuell. Slik har det vore sidan den fyrste imperialistiske verdskrigen og særskilt sidan Oktoberrevolusjonen.

Vi avviser den såkalla »anti-monopolistiske» revolusjonen, som berre er eit påhitt frå dei moderne revisionistane for å føre folk bak ljøset. Dei hevdar at arbeidarklassen kan gå saman med dei ikkje-monopolistiske kapitalistane og jamvel nokre monopolgrupper for å skipe ei såkalla »anti-monopolistisk» regjering. Denne regjeringa skal så liksom »innføre sosialismen». Heile denne »strategien» tek sikte på å halde kapitalismen oppe og føre arbeidarklassen inn under borgarskapet si leiing. Den »anti-monopolistiske strategien» er det nye framstøtet frå borgarskapet for å føre arbeidarklassen på avvegar etter at den gamle reformismen har gått bankerott og stadig større delar av arbeidarklassen skjørar at det er naudsynt med ein revolusjon. Det einaste denne »strategien» kan føre til, er ein auka grad av statsmonopolistisk kapitalisme og hardare underkuing av massane.

Difor er det viktig å avsløre denne falske »vegen» og fremje forståinga for den sosialistiske revolusjonen.

Den einaste vegen til proletardiktaturet og sosialismen i Noreg går gjennom det væpna folkeopprøret som knusar den borgarlege hæren og resten av den borgarlege statsmakta.

Ingen tidlegare sosialistisk revolusjon har signa utan væpna oppror, utan at reaksjonen først vart nedkjempa med våpenmakt. Borgarskapet vil aldri gje frå seg makta friviljug, men kjempe som rasande så lenge det har noko att å kjempe med.

Denne historiske loven gjeld og for Noreg i vår tid. Det norske borgarskapet er betre førebudd på å slå ned kampen dei arbeidande massane reiser enn nokon gong før. I dag er staten ti gonger meir sentralisert og militærapparatet hundre gonger sterkare enn før. Aldri før i soga har det funnest så godt rusta imperialistiske stormakter som supermaktene i våre dagar. Dei har synt at dei kan slå til mot kampane folkta fører over heile jorda på få dagars varsel.

Dette vil ikkje seie at imperialismen er uovervinneleg. På lang sikt er imperialismen ein koloss på leirføter. Men den einaste krafta som kan sigre over borgarskapet og armeante til dei imperialistiske maktene er dei breie massane av arbeidsfolk i Noreg når dei vågar å reise seg og nytte folkekrig mot dei.

Myten om den »fredelege og parlamentariske vegen» som vert spreidd av sosialdemokratane og revisjonistane, er ikkje noko anna enn ein svindel. Målet med han er å avværne arbeidarklassen og folket slik at dei vert hjelplause framfor klassefienden. Overalt der denne myten har vunne fram, har folket måtte betale for han med blod. Indonesia 1965, Tsjekkoslovakia 1968 og Chile 1973 syner kva som vert resultatet når revisionismen får grobotn for slike illusjonar.

Verkelege revolusjonar kan ikkje importerast eller eksporterast. Dei kan ikkje gjennomførast av ei lita gruppe som er skild frå folket, med individuell terror eller gjennom at ein klikk offiserar i hæren i eit land vert »revolusjonære». Verkeleg sosialisme og eit verkeleg proletarisk diktatur kan berre verte bygd av det arbeidande folket sjølv. Oktoberrevolusjonen, den kinesiske revolusjonen og alle andre revolusjonar som har ført til sosialismen, har følgt vegen med at dei arbeidande massane har reist seg til væpna

oppør. Det er og vegen den norske sosialistiske revolusjonen må følge.

Soga syner at utan leiing, utan at massane er organiserte, utan førebuing, kan ikkje den væpna revolusjonen sige. Føresetnadene for siger i revolusjonen er:

– Eit revolusjonært kommunistisk parti, slik som AKP(m-l), eit parti som held fast på prinsippa i marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking og nyttar dei på skapande vis på røyndomen til den norske revolusjonen, som er bunde nært saman med proletariatet og det arbeidande folket. Berre eit slikt parti kan førebu den sosialistiske revolusjonen og leie han.

– Ein folkehær av arbeidarar og andre utbytta som stirr og gjev offer ikkje for sine personlege interesser, men for arbeidarklassen og sosialismen, som er bunde nært saman med dei arbeidande massane, som er i stand til å føre ein langvarig folkekrieg mot alle reaksjonære armea heilt fram til sigeren. Berre ein slik hær kan sige over kontrarevolusjonen militært.

– Ein einskapsfront som sameinar arbeidarklassen og som sameinar arbeidarklassen med hans nærmaste allierte, med småbøndene og fiskarane, men og med dei progressive intellektuelle og alle andre arbeidande og progressive menneske som kan vinnast for revolusjonen, og alle grupper og organisasjonar som vil stø revolusjonen. Berre ein slik front kan mobilisere og organisere dei arbeidande massane og utløyse kjempekreftene deira i ein slik målestokk at det vert råd å styre kapitalismen og reise sosialismen.

Når startar revolusjonen? Når det ikkje lenger er råd for folket å la seg underkue på den gamle måten og det vert uråd for herskarane å herske utan brigde – når utviklinga skapar ein revolusjonær situasjon.

Revolusjonar tvingar seg fram når samfunnet ikkje lenger kan utvikla seg vidar utan dei. Den sosialistiske revolusjonen vert utløyst når det vert klårt for dei arbeidande massane at det er tvingande naudsynt å gjere oppreist. Det vil seie at dei arbeidande massane ikkje berre ønskjer sosialismen, men at dei jamvel på kort sikt meiner det er uråd å halde fram med å leve under dei rådande tilhøva. Det vil seia at det må vera ei stadig veksande masserørsle mot mono-

polborgarskapet og imperialismen. Rørsla må og mobilisere delar av det arbeidande folket som tidlegare har vore passive og stått utanfor kampen. Og det vil seia at *herskarane*, at borgarskapet sjølv må vere inne i ei djup krise som gjer det uråd å halde fram med å herske på same viset som før. Dette er kva Lenin kallar ein revolusjonær situasjon.

Det vil seie at klassekampen vil bølgje att og fram til ein slik situasjon oppstår. Vi avviser skarpt den revisionistiske teorien om »struktur-reformer», som seier at arbeidarklassen kan nedkjempe kapitalismen stykkje for stykkje.

Ein revolusjonær situasjon er ikkje det same som at revolusjonen har sige. Om massane vantar leiing og organisasjon og kjempar utan nokon plan, vil borgarskapet etter ei tid slå ned den revolusjonære rørsla og konsolidere diktaturet sitt. Den revolusjonære situasjonen kan berre førast til siger om massane har eit revolusjonært parti, om det finst ein folkehær og ein einskapsfront som kan organisere sigeren.

Revolusjonærer situasjonar vil oppstå på nytt og på nytt på grunn av dei grunnleggjande motseiingane i kapitalismen. Ein kan ikkje tidfeste dei på førehand. Difor vert det viktigaste AKP(m-l) kan gjere for å leggi grunnen for sigeren, å førebu proletariatet og det arbeidande folket på revolusjon. Den viktigaste lekken i denne førebuinga er å styrke det revolusjonære vedvitjet hjå dei arbeidande massane og å styrke den revolusjonære kommunistiske rørsla og AKP(m-l). Det er naudsynt å forkläre dei arbeidande massane at berre den væpna revolusjonen kan føre til sosialismen. Det er naudsynt å forkläre kva som må vere målet for revolusjonen: sosialismen og proletardiktaturet. Partiet må spreie kunnskap om marxist-leninistisk militær teori, og oppfordre den mannlige arbeidarungdommen til å gjere verneplikt i borgarskapet sin hær slik at dei lærer våpenbruk. For at den sosialistiske revolusjonen skal sige, må arbeidarklassen på førehand vere herda i ei rekke klassekamper og klassefienden sine tenrar i arbeidarrørsla må verte avslørt.

Ein revolusjonær situasjon i Noreg kan oppstå på mange vis. Han kan kome i samband med ei eller anna krise i kapitalismen i Noreg, antan ho er økonomisk eller politisk. Men ein revolusjonær situasjon kan også oppstå i samband med eit imperialistisk åtak på Noreg. I så fall vil revolusjonen verte innleidd av ein nasjonalrevolusjonær frigjøringskrig som seinare veks over i ein sosialistisk revolusjon.